

ÅRSMELDING FOR 2016

LOM KOMMUNE



Innleiing

Om Lom - visjon og verdigrunnlag.....	4
Ordføraren sine kommentarar.....	5
Status og vurdering frå adm.sjef.....	6

Styringssystem

Mål og resultatstyring	8
Internkontroll	9
Årshjulet	10
Politisk organisering.....	10
Administrativ organisering	10
Nokre tal for 2016.....	11

Perspektiv

Næringsutvikling i Lom kommune	12
Kommunen som arbeidsgjevar	14
KOSTRA-tal	20

Økonomisk oversyn

Statlege ramer.....	22
Driftsrekneskap.....	23
Reknesapsresultat	24
Handlingsregelen	28
Finansrapport.....	33

Oversyn frå tenesteområda

Støttefunksjonen	34
Servicetorg, informasjon, kultur	36
Skulane i Lom	38
Barnehagane i Lom	46
Helse og velferd	48
Pleie og omsorg	52
Miljø, teknisk, næring	55

Vedlegg: Notar og revisjonsmelding

Note 01 - Endring i arbeidskapital.....	58	Note 12 - Disp.sfond - bruk og avsetjing	68
Note 02 - Årsverk og ytingar til leiarar	58	Note 13 - Kapitalkonto	69
Note 03 - Pensjon	59	Note 14 - Sjølvkostområde	69
Note 04 - Avskrivningsskjema.....	61	Note 15 - Investering og finansiering.....	70
Note 05 - Aksjar og andelar i varig eige.....	64	Note 16 - Investeringsprosjekt	71
Note 06 - Sal av finansielle anleggsmiddel....	65	Note 17 - Overføringer div samarb.prosjekt...	72
Note 07 - Langsiktig gjeld.....	65	Note 18 - Interkommunalt samarbeid	73
Note 08 - Avdrag på lån	66	Note 19 - Netto driftsresultat	73
Note 09 - Kraftfondet - bruk og avsetjing	66	Note 20 - Tap og tapsavsetjing	73
Note 10 - Heimfallsfondet	67	Note 21 - Revisjonshonorar 2016	74
Note 11 - Kapitalfondet - bruk og avsetjing...	67	Note 22 - Revisjonsmelding	75


NORSK KJÆRLEIKSSONG - Tor Jonsson

Eg er grana, mørk og stur.
Du er bjørka. Du er brur
under fager himmel.
Båe er vi norsk natur.

Eg er molda, djup og svart.
Du er såkorn, blankt og bjart.
Du ber alle voner.
Båe er vi det vi vart.

Eg er berg og naken li.
Du er tjørn med himmel i.
Båe er vi landet.
Evig, evig er du mi.





Lom

Lom kommune ligg i Ottadalen i Oppland fylke og grensar i nord til Skjåk og Lesja, i aust til Vågå, i sør til Vang, og i vest til Luster i Sogn og Fjordane. Kommunen har sine noverande grenser frå 1866, då Skjåk vart skilt ut som eigen kommune.

Geografi

Mesteparten av arealet i Lom utgjer snaufell og brear der over 90% av arealet ligg over 900 moh. Innan kommunen ligg meir enn halvparten av Jotunheimen nasjonalpark og begge dei to høgste fjelltoppane i Noreg, Galdhøpiggen på 2469 moh. og Glittertind, som er fast fjell på 2452 moh. med ein isbre på toppen.

Gjennom fjellområda i kommunen får to dalføre, Ottadalen og Bøverdalen. Desse to dalane møtest ved tettstaden Fossbergom. Folkesetnaden bur for det meste langsmed sørsida av Ottadalen. Andre busette område i kommunen er Lia, Garmo og Bøverdalen.


Næringsliv

Den viktigaste enkeltnæringa i Lom er jord- og skogbruk. Grunna det tørre klimaet må bøndene bruke vatningsanlegg. Lom har den norske rekorden for minst nedbør i laupet av eitt år, 130 mm i 1911. Turisme er ei viktig næring takkja vere plasseringa mellom fjellområde, med ei rekke hotell og turisthytter både i Fossbergom og oppover i Bøverdalen. Fleire naturområde i Lom er verna, mellom anna delane av kommunen som ligg innan nasjonalparkane Jotunheimen, Breheimen og Reinheimen, i tillegg til tre mindre naturreservat.

Kultur

Lom har fleire minne frå eldre kultur, mellom anna Lom stavkyrkje. Garmo kyrkje vart rivi 1880 og etterreist på Maihaugen på Lillehammer som del av De Sandvigske samlinger. På Fossbergom Steinsenteret det samlingar av stein frå heile verda, særleg mange mineral frå Jotunheimen. Norsk fjellmuseum opna i 1994. Lom bygdemuseum er ein del av det konsoliderte Museet i Nord-Gudbrandsdalen og har fleire bygningar, me.a. Tor-Jonsson stugu, der diktaren vokser opp. Ein minnestein er reist ved Hamsunstugu på Garmo, som er fødestanden til Knut Hamsun. Annakvart år vert litteraturfestivalen Diktardagar arrangert.

kjelde: wikipedia.no



Areal	1.969 km ²
-Land	1.900 km ²
-Vatn	69 km ²
Folketal	2.360(1.1.2017)
Kommunenr.	0514

Visjon og verdigrunnlag

Visjon: Lom – gjestfritt og nyskapande

Gjestfridomen skal omfatte alle:

- Dei som allereie er fast busette
- Dei som ønskjer å busetja seg i Lom
- Tilreisande, turistar
- Slagordet "Kom til Lom" er med og synleggjer visjonen.

Verdigrunnlag

Lom skal vera eit lokalsamfunn basert på desse grunnverdiane:

- | | |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Gjestfri • Open • Inkluderande • Respektfull | <ul style="list-style-type: none"> • Nyskapande • Trivsel • Lokal kultur og historie • Natur |
|---|--|

I den kommunale verksemda skal alle tilsette leggje vekt på å vera:

- Offensive
- Løysingsorienterte
- Inkluderande

Ordføraren kommenterer

Året 2016 føyer seg inn i rekka som eit år der vi på nytt brukte sparekniven for å få det kommunale budsjettet til å gå saman. Men på tross av stadig strammare budsjetttrammer leverer kommunen svært gode tenester som i neste omgang slår positivt ut på eksterne målingar.

Etter nokre år med negativ utvikling av kommunen sitt driftsresultat har vi nå endeleg klart å snu dette. Sjølv om dette gjev oss noko handlingsrom kan vi på ingen måte slakke opp å redusere fokuset på innsparing og effektivisering av drifta. Stadig nye oppgåver ventar på å verta løyst og vi står overfor store investeringsbehov spesielt innan pleie og omsorgstenesta. Vi må derfor evne å tenkje langsigtig å byggje opp fondsreserver for å møte både investeringar og svingingar i driftsutgifter.

Folkeavrøysting, samarbeid og digitalisering.

2016 var det året vi spurde innbyggjarane etter råd gjennom ei folkeavrøysting med svar alternativa ja eller nei til kommunesamslåing basert på ei intensjonsavtale mellom Lom og Skjåk. Resultatet av folkeavrøystinga vart 76 % nei med ein valdeltaking på 47%. Med bakgrunn i dette resultatet sa eit samråystes kommunestyre nei til kommunesamslåing i juni. Sjølv om vi har vedteke å fortsette som eigen kommune vil vi framover måtte søkje samarbeid med nabokommunar og andre kommunar i regionen for å løyse oppgåver saman.



Vi må ha eit heilt klart mål om at verkskommune-samarbeid skal gjeva oss handlingsrom til å byggje opp sterkare fagmiljø som i neste omgang vil gjera oss mindre sårbar og meir attraktive i konkurransen om arbeidskraft. Gjennom eit regionalt digitaliseringsprosjekt har vi som mål å gje innbyggjarane våre betre service og tilgjengeleghet til mange kommunale tenester. Auka bruk av digitale og tekniske hjelpemiddlar vil kunne frigje naudsynte ressursar til andre viktige samfunnsoppgåver som berre kan løysast av folk eller i møte mellom folk.

Årsmelding og rekneskap gjev oss viktig styringsinformasjon.

Årsmelding og rekneskap slik det er presentert i dette dokumentet, inneheld viktig informasjon om stoda til kommunen som både innbyggjarane, tilsette og ikkje minst politikarane bør lesa grundig. Sjølv om vi nå er langt inne i eit nytt driftsår, er det viktig å nytte den faktabaserte informasjonen som dette dokumentet inneheld i planlegginga framover.

Takk for samarbeidet i 2016

Takk til alle tilsette og politikarar som saman bidreg til at Lom kommune klarer å levere gode og trygge tenester til både innbyggjarar og gjester. Takk også til dei friviljuge laga og organisasjonane, næringslivet og innbyggjarane som aktivt er med og formar Lom som eit attraktivt og omsorgsfullt lokalsamfunn.

Status og vurdering frå administrasjonssjef

Netto driftsresultat er snuudd frå å vera negativt dei to siste åra. Det har vore heilt naudsynt for å møte planlagte utfordringar i tilrettelegging av tenestetilbod og investeringar fram i tid. Det er fleire tiltak som til saman har medverka til dette, og går fram av årsmeldinga elles.

Det er gledeleg å registrere at talet på lomværar har gått opp i 2016. Uvanleg høgt tal på fødslar saman med tilflytting/busetjing av flyktningar er årsakene til dette. Høgare fødselstal over tid enn vanleg har ført til at tilboden vårt innan barnehage har vorte utvida. Det er sjølv sagt positivt å auke dette tilboden. Vi må likevel vera budde på å regulere tilboden dersom etterspurnaden blir redusert og at fødselstala går ned på eit meir «normalt» nivå over tid. Dette er eit

godt døme på justering kommunen må handtere på ein forutsigbar og omforeint måte i tenesteutmålinga for alle tenesteområde. Inntektssystemet med overføringer frå staten er i større grad tilpassa utvikling i innbyggjartal og alderssamansetting, og vil i større grad enn tidlegare svinge i takt med utviklinga i eigen kommune.

...effektivisering blir dagleg utfordring for alle i Lom kommune

Kommunen leverer gode resultat på mange viktige område. Dette går fram av årsmeldinga frå dei ulike tenesteområda. Det er vidare dokumentert i Kommunebarometeret som Kommunal Rapport utarbeider. Denne eksterne og nøytrale rangeringa av kommunane er ei god synleggjering av stoda for tenestene i kommunen. Det er særleg verd å merke seg at resultata innan skule er gode, og at vi har gjort tiltak innan pleie og omsorg som er i takt med politisk bestilling og nasjonale utfordringar.



Omstillingsarbeidet innan pleie og omsorg er eit strategisk og viktig grep som kommunestyret har stilt seg bak og som leiing og tilsette arbeider systematisk med. Det er grunn til å understreka at dette viktige omstillingsarbeidet må gjerast over tid. Å skape god tryggleik i høve heimebasert omsorgstilbod m.a. ved å nytte velferdsteknologi må fasast inn i tett samarbeid med brukarar og fagmiljø.

Erfaringane frå 2016 og Utsiktene framover tydeleggjer behovet for omstilling. Aktivt bruk av styringsdata (som t.d. KOSTRA) og aktiv vurdering av eigen praksis med fokus på forbeteringar og effektivisering blir dagleg utfordring for alle i Lom kommune. Jakt på tidstjuvar, digitalisering og innovasjon er i ei tidleg fase. Omstilling i høve dette blir ei utfordring for offentleg sektor. Lom kommune er tvinga til å ta ei aktiv rolle i dette. Avgjerande for å lykkast er

leiarskap og involvering. Det blir derfor foreslått å løyve midlar til brei leiarutvikling som skal medverke til gjennomføringsevna i komande omstillingsarbeid.



Det er opplagte framtidige gevinstar innan folkehelse som kommunen aktivt kan arbeide for. Det å ta ansvar for eiga helse ved eigeninnsats og fokus på betydning av kosthald og mosjon må arbeidast med og tilretteleggjast for på dei områda kommunen har moglegheit til det. Dette vil vera ei framtidsretta investering i velferd.

Det er all grunn til å takke dei tilsette for godt arbeid og i 2016. Utfordringa er å vera i stand til at vi som arbeidsgjevar greier å sette god nok pris på dette innanfor dei rammene vi har. Administrasjonssjefen er opptatt av folkehelse og trivsel for dei tilsette i kommunen. Dette er utgangspunktet for at det blir foreslått gjennomføre ei utprøving av ulike folkehelsetiltak i løpet av 2017. Ordninga vil vera øyremerka tilsette og målet er å finne eit godt tilbod som kan tilretteleggast frå 2018. Det er håp om at dette vil medverke til trivsel og forebygge sjukefråver, og er eit forsøk på å vise takksemid overfor dei tilsette for godt arbeid.

Ola Helsdahl



Mål og resultatstyring

Lom kommune har omfattande delegering av mynde. Vi lever i eit samfunn med raske endringar, og gjennom denne delegeringa blir det ein fleksibel organisasjon og avgjerder blir tekne der kompetanse ligg. Gjennom dette oppnår ein meir attraktive arbeidsplassar, ved at den enkelte får nytta sin kompetanse.

For styring og koordinering er det i fleire år blitt nytta balansert målstyring. Det blir vedteke mål for kvart tenesteområde som ein del av kommunen sitt budsjettvedtak. Økonomisk er det rapportert til kommunestyret kvart tertial, der årsrapporten fungerer som rapport for 3. tertial. Det er systematiske målingar av brukar og medarbeidarperspektivet

gjennom spørjeundersøkingar, der tenestekvalitet og medarbeidartilfredshet blir målt. Det er teke i bruk ny medarbeidarundersøking, slik at resultat frå denne kjem ikkje med i årsmeldinga for 2015.

Kommunen nytta elles Kommunebarometeret i styring av verksemda.

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Lom kommune			
			Resultat 2014	Resultat 2015	Resultat 2016	Mål 2016
Økonomi	Økonomi-styring og drift	Brutto driftsresultat	-5,8%	-7,8%	0,3%	-2,8%
		Netto driftsresultat	-1,0%	-2,5%	5,1%	3,8%
		Justert netto driftsresultat	-1,3%	-0,3%	4,7%	2,0%
	Finansiell styring	Eigekapitalprosent	42,0%	29,3%	27,6%	29,3%
		Langsiktig gjeld i % av driftsinntekter	233%	233%	242%	233%
	Likviditetsstyring	Lividitetsgrad 1	3,6	3,2	2,6	3,2
		Arbeidskapital i % av driftsiinntekter	41,3%	33,5%	32,2%	33,5%
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	4,8%	4,8%	3,8%	
		Sjukefråvær langtid	4,1%	4,1%	3,7%	7,5%

Internkontroll

Arbeidsmiljølova legg føringar for helse, miljø og tryggleiksarbeidet ved at den i § 3-1, p. 1 seier:

«**For å sikre at arbeidstakers helse, miljø, og sikkerhet blir i varetatt, skal arbeidsgiver sørge for at det utføres systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid på alle plan i virksomheten. Dette skal gjøres i samarbeid med arbeidstakerne og deres tillitsvalgte.**»

Aml. § 4 utløyer plikt til internkontroll: «den som er ansvarleg for virksomheten skal sørge for at det innføres og utøves internkontroll i virksomheten og at dette gjøres i samarbeid med arbeidstakerne og deres representanter. Arbeidstakerne skal medvirke ved innføring og utøvelse av internkontroll.»

Skriftleg dokumentasjon på internkontrollen skal minst omfatte § 5 punkt 4 – 8 i internkontrollforskrifta.

Internkontrollen er heimla i Kommuneloven. Administrasjonssjefen

skal syte for at kommunen blir drive i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og at det er god kontroll innan økonomi- og personalforvaltning, innkjøp, IKT-styring og informasjonstryggleik, saksbehandling og tenesteproduksjon.

Internkontroll handlar om systematisk arbeid og dokumentasjon av eigen praksis, forbetring av arbeidsmetoder og samhandling for å sikre måloppnåing, og for å unngå lovbro og andre uønska hendingar. Med internkontroll meiner ein kvalitetssikring av prosessar, system og rutinar som blir utforma og gjennomført. Ein nytta elektronisk kvalitetssystem frå Kommuneforlaget (KF), gjennom KF-infoserie, KF- kvalitetsstyring og KF- Betre.kommune. Fokus i 2014 har vore avvikssystem og risikoanalyser. Det er framleis dokumentasjon, som skal inn i det elektroniske kvalitetssystemet. Arbeidet vil fortsetje for å få eit heilskapleg kvalitetssystem, som i varetek kravet til internkontroll innan ramma av § 23 i kommunelova.


Kommunelova§ 23, 2. ledd

Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser, og at den er gjenstand for betryggende kontroll

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter §3

Internkontroll: Systematiske tiltak som skal sikre at virksomhetens aktiviteter planlegges, organiseres, utføres og vedlikeholdes i samsvar med krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen.

Årshjulet



Kommunestyret 2015 - 2019



Bjarne Eiolf Holø
Svanhild Lyngved
Silje Stee Vole
Arnstein Rusten
Rolv Enersvold
Hjørdis Sletten
Odd Arne Kroken
Marit Sletten



Anne-Lise Marstein
Harald Onsum-Berg
Kari Ramen
Norvald Hellekveen



Jarmund Øyen
Kristian Frisvold
Dagfinn Kvålshagen



Eilev Hellekveen
Synne Skogsrød Bjørgen

Formannskapet

Bjarne Eiolf Holø (ordførar) Anne Lise Marstein (varaordførar), Marit Sletten, Eilev Hellekveen, Kristian Frisvold.

Andre politiske råd og utval

Administrasjonsutval
Brukarråd
Eldrerådet
Kommunalt råd for funksjonshemma

Landsbyrådet
Overtakstnemnd
Takstutval
Ungdomsrådet

Vilt og innlandsfiskenemnd
Valnemnd
Valstyret
Kontrollutvalet

Administrativ organisering

Lom kommune er organisert i ein to-nivå-modell med Ola Helstad som administrativ leiar. Administrasjonen er inndelt i desse tenesteområda med kvar sin leiar:

- **Støttefunksjonen**, leiar Egil Haug
- **Loar skule**, rektor Anita Hølmo Nestvold
- **Lom ungdomsskule**, rektor Tore Mundal
- **Loar barnehage**, leiar Ragnhild Vestad
- **Miljø, teknisk, næring**, Ola Helstad konst. leiar
- **Helse og velferd**, kommunalsjef Bjørn Bakke
- **Pleie og omsorg**, pleie- og omsorgssjef Oda Evy Øyen
- **Servicetorg, informasjon, kultur**, Ola Helstad konst. leiar

Forventa folketalsutvikling

 **2327**
innbyggjarar i Lom pr. 2030

Forventa folketalsutvikling

 **2342**
innbyggjarar i Lom pr. 2040

Forventa levealder i fylket

 **82,9** år
Kvinner

Utgifter pr. døgn i institusjon
i kroner


 **3079**

Mottakarar av
heimetenester 67-79 år:

 **80**
pers. pr. 1000 innbyggjarar

...nokre tal for
2016
Lom kommune
kjelde: ssb.no

Aldersfordeling i Lom (pr. 1. januar 2017)



Fødde:

 **29**
pers. pr. 4. kvartal 2016

Dødd:

 **22**
pers. pr. 4. kvartal 2016

Folkevektst:

 **13**
pers. pr. 4. kvartal 2016

Lom sitt areal


 **1969**
km² pr. 2016

Forventa levealder i fylket
 **79,3** år
Menn

Andel barn med barnehageplass
 **87,2 %**

Andel barn med barnevernstiltak
 **2,6 %**

Kva arbeider vi med i Lom?



-  Jordbruk, skogbruk og fiske
-  Sekundærnæringer
-  Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstj., forretningsmessige tj., eigendom
-  Off.adm., forsvar, sosialforsikring
-  Undervisning
-  Helse- og sosialtenester
-  Personleg tenesteyting

...nokre tal for
2016
Lom kommune
kjelde: ssb.no

Andel mottakarar av sosialhjelp
 **2,3 %**

Gjennomsnitt pr. brukar
av praktisk bistand i timer
 **8,3**
timar i veka

Personar med
innvandrarbakgrunn:
 **161**
pers. pr. 4. kvartal 2016

Personar pr.
privathushaldning:
 **2,26**
pers. pr. 4. kvartal 2016

Innbyggjarar pr.
km² landareal:
 **1**
pers. pr. 4. kvartal 2016

Nettoflytting:
 **+5**
pers. pr. 4. kvartal 2016

Næringsutvikling i Lom

2016 vart eit år med mange positive utviklingstrekk. Vi må heilt attende til 2003-2004 for å finne ei tilsvarende auke i folketalet. I tillegg har vi sannsynlegvis aldri hatt høgare gjestedøgnstal eller omsetning pr. innbyggjar i varehandelen. Dette gir grunn til optimisme.

Lom kommune har tre faste tilsette

som jobbar med næringsutvikling, to personar på landbruk i 50%-stilling og ein næringssjef / landsbykoordinator i 100%-stilling. Utover dei faste tilsette har Lom kommune inngått ei avtale med Vågå kommune om tenestekjøp av landbruksstenester.

Næringsarbeid i Lom kommune inneber m.a. dialog med lokalt

næringsliv, rådgjeving, deltaking i ulike prosjekt, sakshandsaming av kommunalt næringsfond og bedriftsbesøk. Fjellbedriftene rundt Jotunheimen var blant dei som fekk besøk i 2016. Lom kommune tek også i mot mange kommunebesøk, i 2016 kom Åmot, Ringsaker, Lansbyen Brandbu og ein delegasjon frå Tsjekkia.



Lom kommune - 2016

Lom kommune har løyva midlar frå kommunalt næringsfond til ulike tiltak i 2016. Eit døme er medfinansiering av geologkostnad i skredfarlege område for å stimulere til husbygging. Det er derfor gledeleg at det er stor byggeaktivitet i bygda, og at det er gitt løyve til oppføring av ti nye bustadar, 11 ulike tiltak knytt til stadbunden næring og seks ramme- og igangsettingsløyver.

Det har vore brukt i overkant av kr. 600 000 i kommunale midlar på landbruket, i tillegg til statelege løyvingar. Talet på husdyr og produksjon er relativt stabilt. Husdyrhald og spesielt mjølkeproduksjon med grovfôrproduksjon er den største landproduksjonen i Lom kommune, og utmarksbeitebruken med både

småfe og storfe har sterke tradisjonar her.

Fleire gardbrukarar utviklar og investerer i driftsapparat og ressursgrunnlaget generelt gjennom bygging, dyrking, beiterydding, kjøp av mjølkekvote eller investering i utstyr, installasjonar m.m.

Lom har ein lang og stolt matkultur, og i 2016 fekk vi vårt eige bryggeri. Både Lom kommune og Innovasjon Norge har gått inn med tilskot til denne nyetableringa, og er veldig glade for at det finst folk som vil satse i bygda vår.

Vi skulle likevel gjerne hatt fleire nyetableringar i Lom. I 2016 var det ti nyregistreringar, ein nedgang frå dei tre siste åra. Kommunen er inne allereie i 4. klasse på barneskulen for å sette fokus på Ungt Entreprenørskap og gründerskap. Ei intern evaluering gjennomført i 2016 viste at berre ein liten del av næringsfondet har gått til nyetableringar dei siste ti åra.

Lom nasjonalparklandsby, Norsk Fjellsenter og Jotunheimen nasjonalpark vart valt ut som ein av fire pilotar for å implementere den nye merkevarestrategien for Norges nasjonalparker. Dette er eit arbeid som starta opp i 2016, og som vil bli videreført i 2017.

Nasjonalparklandsbyen fekk også tilskot til lokale tiltak, og har m.a. gjennomført kurs i digital marknadsføring saman med Visit Jotunheimen.



Gode nyetableringar i Lom - vi skulle gjerne hatt fleire!

Kommunen som arbeidsgjevar

Arbeidsgjevarstrategien i Lom

Lom kommune har ein arbeidsgjevarstrategi frå 2012. Arbeidsgjevarstrategien er inndelt i to overordna satsingsområde :

Omdømme og rekruttering

Under desse to finn vi desse satsingsområda:

- rekruttere og behalde
- kompetanse
- løn
- livsfase
- likestilling og mangfold
- nærvær og fråvær
- leiing
- medbestemmelse

Strategien er eit overordna styringsdokument som skal sjåast saman med sentrale avtaler mellom arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgjevar, og lokale styringsdokument som kommuneplanen Lom 2020 og budsjettet. Arbeidsgjevarstrategien ser fram mot 2020.

Mål for arbeidsgjevarstrategien;

- Lom kommune skal kontinuerleg forbetre kvalitet og effektivitet, og utvikle nye løysingar saman med brukarar, innbyggjarar og samarbeidspartar.
- Løn kommune skal ha leiarar som utfordrar, stiller krav og støttar.
- Lom kommune skal ha ein høg etisk standard, dei tilsette skal ta ansvar for eigne handlingar i samsvar med dei etiske retningslinene.
- Lom kommune skal ha evne til å rekruttere, behalde, og utvikle medarbeidarar, og ha god konkurransesvevn i arbeidsmarknaden.
- Lom kommune ynskjer til kvar tid å representera mangfaldet i samfunnet.
- Tilsette og arbeidsgjevar arbeider kontinuerleg for eit godt omdømme.

Omdømme og nærvær



Nytilsettdag

Rekruttering og kompetanseutvikling

Kompetanse er summen av dei kunnskapar, ferdigheter, evner og haldningar som må nyttast for å utføre dei kommunale oppgåvene som Lom kommune til ei kvar tid utfører, og for å oppnå dei mål som er sette for tenesteytinga.

Kompetanseplanen er ein overordna plan som syner korleis Lom kommune ynskjer å arbeide med kompetanseutvikling for å nå måla sine i framtida. Kompetanseplanen skal sikre ei målretta kompetanseutvikling av Lom kommune sine tilsette og ei målretta rekruttering av ny arbeidskraft.

Kompetansebehovet skal definerast ut frå kva som er nødvendig for å nå overordna mål og krav til tilsette på kort og lang sikt. Lom kommune har som mål å til ei kvar tid ha arbeidstakarar med den kompetansen som er nødvendig for å løyse kommunen sine oppgåver på ein effektiv og rasjonell måte ved å:

- ta vare på og utvikle medarbeidaren sin kompetanse
- ta vare på den nytilsette medarbeidaren
- fokusere på rekruttering og positiv profilering

Lom kommune skal være ein lærande organisasjon som skapar gode føresetnader for medarbeidaren si læring. Vi har fokus på både interne og eksterne læringsarenaer.

Den strategiske kompetanseplanen skal evaluerast årleg, og det vert utarbeidd tiltaksplanar for kvart tenesteområde med tiltak som skal gjennomførast i løpet av året. Tiltaka vil bli utarbeidde på bakgrunn av medarbeidarsamtalar, brukar- og medarbeidarundersøkingar, SWOT- analysar og sentrale føringer. Tiltaka blir evaluerte gjennom årsmelding. Som eitt av tiltaka i Arbeidsgjevarstrategien er ein dag for nytilsette.

Det er lagt opp til ein gjennomgang av både den politiske og administrative organiseringa av Lom kommune, gjennomgang av retter og plikter som tilsett i Lom kommune, og dei ulike reglementa og planane vi har.



- **IA-kommune:** Inkluderande arbeidsliv
- **HMS/HMT:** Helse, Miljø, Sikkerheit/tryggleik
- **PO:** Pleie og Omsorg
- **NSF:** Strategisk kartlegging av ein organisasjon sine sterke og svake sider, men og idenfisering av eventuelle problem og moglegheiter



Arbeidsmiljø og HMT

Lom kommune vart i 2003 IA-kommune, og har partsamansett skrive under avtale ut 2018. Som IA-kommune skal Lom kommune aktivt arbeide for å betre arbeidsmiljøet, styrke jobbnærver og hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet.

Verksemder med minst 50 tilsette har plikt til å ha ein arbeidsmiljøutval. AMU skal arbeide for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i verksemda. Utvalet skal delta i planlegging av verne- og miljøarbeidet i verksemda, og fylje nøyne med på utvikling av arbeidsmiljøet.

Lom kommune sitt AMU har to representantar frå arbeidstakarane og to representantar frå arbeidsgjevar. Dei fire faste medlemmane er hovudverneombodet, NSF som

representant for dei tilsette, administrasjonssjefen og ein politikar. Lom kommune har Frisk HMS som bedrifthalseteneste, og dei er innkalla til alle møta. Leiaransvaret i AMU 2016 har vore arbeidstakarsida sitt.

Det har vore gjennomført fire møte i 2016, og eit av tema som var oppe på kvart møte var gjennomgang av sjukefråværet. AMU har teke saka til orientering.

Elles har det vore orientering og dialog rundt tema helsefremjande tiltak for tilsette i kommunen, omlegging og endring i organisering i PO, gjennomgang av bruken av bedrifthalsetenesta, resultatet etter vernerundane med handlingsplaner og prioriteringar, årshjul for HMT, HMT-handbok, avvik på HMT i 2016, og møteplan for 2017.

Tiltaksplanen i arbeidsgjevarstrategien seier at kommunen skal arbeide med god oppfølging av dei tilsette gjennom trivsel og helsefremmende tiltak, aktiv bruk av livsfasepolitikken, arbeide med IA-avtalen, arbeide for kommunikativt og nært leiarsskap, og ha eit elektronisk HMT/kvalitetssystem som gjev god flyt og sikrar gode rutinar. Det er eit felles kvalitetssystem for heile kommunen. Identitet og omdømme

Det er i Lom kommune fleire strategiske planar som syner kommunen sitt arbeid med identitet og omdømme. I Lom 2020 og Arbeidsgjevarstrategien er omdømeperspektivet lagt til grunn, og Lom kommune har som visjon å vere gjestfritt og nyskapande, med aferdskrav som løysingsorientert, offensiv og inkluderande.

Det blir kvart år gjennomført medarbeidar- og brukarundersøkingar.



Sjukefråvær 2016 i %	1-16 dagar	17-40 dagar	>=41 dagar	Totalt
Rådgjevar oppvekst	For få i utvalet			
Støttefunksjonen	1,7	1,5	0,7	4
Service, informasjon, kultur	0,9	0	0	0,9
Loar skule	1,4	1,7	3	6,1
Lom ungdomsskule	1,4	0,1	5,5	7
Barnehage	1,2	1,7	4	6,9
Miljø, teknisk, næring	3,4	3,8	3,8	11
Utgard	1,8	3,1	3,2	8,2
Bibliotek	2	0	0	2
Helse og velferd	1,7	2,2	8,2	12,1
Pleie og omsorg	2,2	2,1	3,3	7,7
TOTAL	1,9	1,9	3,7	7,5

År	1-16 dagar	17-40 dagar	>=41 dagar	Totalt
2012	2,3	2,3	3,2	7,7
2013	2,7	2,5	2,0	6,3
2014	4,8	3,1	3,1	8,9
2015	2,6	3,7	0,7	7,0
2016	1,9	1,9	3,7	7,5



Livsfasepolitikk

Som arbeidsgjevar ynskjer Lom kommune å leggje til rette for at tilsette skal trivast og yte sitt beste på arbeidsplassen sin.

Alle går gjennom ulike fasar i livet, og kvar livsfase har ulike behov, krav, utfordringar og moglegheiter. Lom

Senioravtaler i Lom kommune									
2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	
9	5	7	17	14	10	12	14	8	

kommune ynskjer å ta høgde for at det som skjer undervegs i yrkeskarrieren påverkar produktivitet og kor lenge ein ynskjer å vera yrkesaktive.

Det er teke omsyn til dei ulike fasane i livet i kommunen sin livsfasepolitikk. Livsfasepolitikken vart vedteke i ADMU i desember 2015.



Heiltidskultur, likestilling og mangfald

Lom kommune arbeidar aktivt med å redusere bruken av deltidsstillingar og for å auke stillingsstorleiken for tilsette i deltid.

Det er mange yrkesgrupper, og alle er like viktige for at Lom kommune skal vere den serviceverksemda vi gjerne vil vere. Det har sidan Lom kommune vedtok sin Arbeidsgjevarstrategi vorte utarbeidd ein strategisk kompetanseplan som skal vere med på å oppretthalde og auke kvaliteten på våre tenester.

Lom kommune har fleire kvinner enn

menn i arbeid, og desse har både lågare gjennomsnittleg alder og årsløn - sjå tabellen nedanfor.

Det er fleire kvinner enn menn i 100% stillingar, men menn har både høgare gjennomsnittleg stillingsstorleik og løn. Blant dei tilsette med faste deltidsstillingar er det flest kvinner, og dei høgare gjennomsnittleg stillingsstorleik enn menn.

Tilsette i faste stillingar

Det er fleire vikarar inne i arbeid kvart år som ikkje har fast arbeidsforhold i kommunen. Det er flest kvinner,

og desse har lågare gjennomsnittleg stillingsstorleik enn menn.

Vikarar utan fast tilsetting

Det var fleire tilsette som fekk høgda si faste stilling, og fleire som fekk fast stilling i 2016 etter lengre periodar som vikarar.

Som ein del av Arbeidsgjevarstrategien skal Lom kommune utarbeide ein likestillings- og mangfaldspolitikk. I tillegg skal det arbeidast med lokale retningslinjer for heiltidskultur. Dette arbeidet skal gjerast saman med dei tillitsvalde.

Årsverk totalt 2016	Totalt	Menn	Kvinner
Stab	4,21	2,2	2,01
Støttefunksjon	10,51	2	8,51
Service, informasjon, kultur	7,38	4,9	2,48
Loar barnehage	26,4	1	25,4
Loar skule og Lom musikk- og kulturskule	30,87	5,27	25,6
Lom ungdomsskule	20,31	7,33	12,98
MTN	24,88	14,1	10,78
Utgard	4,5	2	2,5
Bibliotek	2	0,6	1,4
Helse og velferd	18,55	2,75	14,8
Pleie og omsorg	85,21	2,34	82,87

Totalt tilsette menn

56

Gjennomssnittleg stillingsstorleik: 73,58%

Gjennomsnittleg årsløn: 476.207 kr

Gjennomsnittleg alder: 49,68 år

19%
av alle tilsette

Totalt tilsette kvinner

246

Gjennomssnittleg stillingsstorleik: 72,27%

Gjennomsnittleg årsløn: 230.238 kr

Gjennomsnittleg alder: 44,72 år

81%
av alle tilsette

Vikarar utan fast tilsetting	Menn	Kvinner
Tal på vikarar	10	68
Gjenomsnittleg stillingsstorleik	13 %	87 %
Gjennomsnittleg alder	51,3	39,2

Fast tilsette i full stilling

Antal	Menn	Kvinner
28	28	96

Kjønn	Menn	Kvinner
23 %	23 %	77 %

Gjennomsnittleg alder	Menn	Kvinner
50,2	50,2	45,8

Deltidstilsette i fast stilling

Antal	Menn	Kvinner
22	22	111

Kjønn	Menn	Kvinner
17 %	17 %	83 %

Gj.snittleg stillingsstorleik	Menn	Kvinner
59,65 %	59,65 %	61,32 %

Lønspolitikk

Lom kommune har ein lønspolitiskplan som skal vere basert på mål, motiverande, kompetanse- og karriereutviklande, synleg og basert på dialog, marknadsoorientert og pådrivande for likeløn.

Planen er tema på dialogmøter med dei tillitsvalde, og aktivt brukt ved rekruttering og lokale lønsforhandlingar.

Lønspolitikken i Lom kommune skal medverke til å oppfylle kommunen og den enkelte driftseining sine målsetjingar.


Den skal tene til å fremje kvalitet, service og effektivitet i tenesteproduksjonen, og skal vere ein dynamisk og motiverande del av politikken til arbeidsgjever. Lønspolitikken skal sikre at lønsfastsetjing er relatert til den funksjonen medarbeidaren er i, vedkommande si kompetanse og måten arbeidet er utført på.

Lønsfastsetjing skal vere synleg, gjennom kjende og bindande kriterium basert på dialog mellom leiar, tillitsvald og medarbeidar. Så langt som mogleg skal lønspolitikken sikre at kommunale funksjonar har eit lønsnivå som er konkurransedyktig på den regionale arbeidsmarknaden, og den skal medverke til lik løn for arbeid av same kvalitet, innsats og resultat, og med lik moglegheit for lønsutvikling uavhengig av kjønn.

Planen vart gått gjennom i 2014 utan at det vart gjort endringar.



Blide tilsette!



Lærar og elev djupt inne i datakoding!



Leiagrupsa kombinerar møte og trenings i Utgard



Vaktmester Norvald Helleveen

Tillitsvalde

Endringar og aukande forventningar til tenester, arbeidstakrar og arbeidsgjever krev eit godt samarbeid mellom partane i arbeidslivet.

Partane har ein rett og plikt til å gjere sitt beste for å skape eit godt samarbeid i kommunen. Dei tillitsvalde er representantar for dei tilsette ovanfor arbeidsgjever.

I Lom kommune er det 12 organisasjonar som er representerte, og desse har til saman 71% frikjøpte ressursar til organisasjonsarbeidet. Både pliktar og rettighetar til partane, og frikjøppressursar er regulert i Hovudavtala.

Organisasjonane og arbeidsgjever har dialogmøte kvar månad, og dei tillitsvalde ha representantar i TU, AMU og ADMU. I tillegg er dei med i prosjekt og prosessar i regi av arbeidsgjever.



- **ADMU:** Administrasjonsutval
- **AMU:** Arbeidsmiljøutval
- **TU:** Tilsetjingsutval



TOR JONSSON 1916 - 1951

I 2016 var det 100 år sidan Tor Jonsson vart fødd. Diktaren, jorunalisten og lomværen som valde å ta livet sitt så alt for tidleg.

2106 var jubileumsåret for Tor Jonsson. ei rekkje tilstelingar i regi Tor Jonsson - laget med Håvard Teigen i spissen har sett til at Tor har vore på alle sine tunger i 2016.

Det har vore framføring av bestillingsverk, opptrykk av ny bok, ny-opning av Tor Jonssons-plass utanfor Midtgard, utvalde sitat er no synlege over heile bygdesentrument vårt.

Diktardagane hadde i 2016 Tor Jonsson som diktardagsdiktar, med "Bygda" som tema.

Takk til Tor Jonsson-laget som skipa eit gildt jubileumsår for sambygdingen vår!




VED AVDAGSLEITE

Stilt må du trø
når timane ror på ein skuggesjø.
Stil må du gå i stova
når dagen er død

Timane ror
si levande sorg over skuggefjord,
tunge som barnegråten
ved grava til mor.

Gråt ved ei grav!
Ei sorg er ei glede du aldri gav.
Timane ror mot døden
med levande krav.



Kultur- og kulturstipendprisvinnarane 2016

Reidar Aurmo

Reidar Aurmo har fått kulturstipendet for Lom kommune 2016 til vidare satsing innan langrenn.



Rolv Brimi

Rolv Brimi mottek kulturprisen for Lom kommune 2016 for sitt langvarige engasjement som formidlar og utøvar av folkemusikk.

NasjonalparkSKriket



I 2016 vart NasjonalparkSKriket arrangert for tredje gong. Lom stilte med eit gildt kor, og stakk nesten av med seieren under finala i Vågåhallen.

NasjonalparkSKriket er eit folkehelsetiltak i regi av Regionrådet Nord-Gudbrandsdal. Koret frå Sel vant fyrstepremien: kr 20 000. Under finala var det over 200 aktørar på scena som underheldt godt over 500 menneske. Kristbjørn Rossehaug var dirigent for Kor Lom.



Lomsambassadør 2016

7. juni 2016 vart det gjort kjent at Morten Schakenda - bakeren ved Bakeriet i Lom vart utnemnd til Lomsambassadør

Lomsambassadør er ei utnemning som kan gjevest personar eller verksemder som gjennom sitt daglege verke, frivillig innsats eller på andre måtar bidreg til å synleggjere Lom sine kvalitetar i og utanfor kommunegrensene på ein open, positiv og inkluderande måte.




Lom

KOSTRA


KOmmune-STat-RApportring

	Lom 2014	Lom 2015	Lom 2016	Skjåk 2016	Vågå 2016	Kostra- gruppe 03 2016	Oppland 2016	Landet utan Oslo 2016
Finansielle nøkkeltall								
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-6,2	-7,8	0,3	-0,2	1,8	3,9	2,5	3,5
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-1,1	-2,5	5,3	4	4,2	3,7	3,6	4
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	54 881	56 144	57 924	58 720	59 189	60 166	52 589	52 141
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	233,2	230,7	241,5	230,1	239,1	228,4	210,2	208,6
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av br. driftsinnt.	41	41,4	45,2	38,3	25,9	21,5	22,5	19,5
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	56 062	56 277	69 210	26 846	75 901	83 320	56 321	57 482
Prioritering								
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år, barnehagar	117 991	117 655	133 034	179 241	129 914	145 231	136 222	137 688
Netto dr.utg. til grunnskulesektor per innb. 6-15 år	135 312	144 388	133 047	166 557	133 314	133 189	115 648	105 172
Netto dr.utg. pr. innb. i kroner, kommunehelsetenesta	4 376	4 519	5 169	4 663	4 053	4 180	2 942	2 538
Netto dr.utg. pr. innb. i kroner i pleie- og omsorg	24 741	24 571	25 867	25 218	25 411	22 093	20 048	16 974
Netto dr.utg. pr. innb. 20-66 år i kroner til sosialtenesta	5 096	3 001	2 916	4 891	3 090	2 908	3 294	3 536
Netto dr.utg. pr. innb. 0-17 år i kr., barnevernstenesta	4 219	3 379	3 512	5 714	7 551	10 893	10 041	8 877
Netto dr.utg. pr. innb. i kr. til administrasjon og styring	6 806	5 382	6 403	7 887	4 729	7 534	4 574	4 312
Dekningsgrad								
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	89,1	91,2	87,2	89,9	91,4	89,8	91,1	91,5
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning	5,3	5,4	5,8	8,1	5	9,7	7,4	7,8
Legeårsverk pr 10 000 innb., kommunehelsetjenesta	15,3	15,3	16,4	15,9	14,1	14,5	12,2	10,7
Fysioterapiårsverk per 10 000 innb., kommunehelsetjenesta	9,8	9,8	9,7	13,4	11,7	10,6	11,3	9,1
Andel brukarar av heimenteneste over 67 år
Andel plassar i einerom i pleie- og omsorgsinstitusjonar	100	100	100	100	66	94,4	96,9	95
Andel innb. 80 år og over som er bebuarar på institusjon	17,8	18,7	17	18,7	15,9	14,9	12,2	13
Andel sosialhjelpmottakarar 20-66 år, av innb. 20-66 år	3,3	3,1	2,3	4,8	5	:	:	4
Andel barn med barnevernstiltak ift. innb. 0-17 år	4,2	4,5	3,4	3,8	5,7	:	:	4,9
Sykkel-, gangveg/tursti mv. m/kom. driftsansvar pr 10000 innb.	4	251	250	18	8	184	60	43
Kommunalt disponerte boligar pr. 1000 innb.	21	22	25	28	25	28	25	21
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innb.	0,43	0,64	0,64	0,64	0,62	..	0,77	0,7
Produktivitet/einingskostnad								
Korr. brutto driftsutg. i kr. pr. barn i komm. barnehage	155 765	153 039	183 333	225 794	182 161	171 846	184 733	186 210
Korr. brutto driftsutg. til grunnskole, lokal og skoleskyss pr elev	137 701	143 702	134 989	157 085	132 935	115 523	122 259	110 479
Gjennomsnittlig gruppstorleik, 8.-10.årstrinn	10,9	11,9	11,1	10,8	11,5	13,5	13,5	14,1
Korrigerte brutto driftsutg pr. brukar av hheimeteneste (i kr.)	195 558	174 361	203 248	197 302	179 421	222 682	228 620	246 322
Korrigerte brutto driftsutg., institusjon, pr. kommunal plass	945 927	947 268	986 049	1 048 568	1 017 412	1 058 609	1 094 987	1 088 035
Årsgebyr for vassforsyning - eks. mva. (gjeld rapp. året+1)	2 870	3 086	2 979	2 700	4 207	3 780	3 741	3 391
Årsgebyr for avlaøpsteneste - eks. mva. (gjeld rapp. året+1)	3 725	3 951	4 178	5 804	3 412	4 880	4 818	3 782
Årsgebyr for avfallsteneste - eks. mva. (gjeld rapp. året+1)	1 958	2 016	2 056	2 190	1 744	2 048	2 127	2 656
Gj.snittleg saksbehandlingstid for private forslag til detaljreg.	..	99	110	..	54	202
Gj.snittleg saksbehandlingstid for opprettning av grunneigedom.	24	33	18	67	45	56
Brutto. driftsutgifter i kr pr. km kommunal veg og gate	40 625	45 125	41 969	71 091	87 566	104 936	114 124	135 526
Lovanvendelse								
Andel søknadar om motorferdsel i utmark innvilga.	100	100	100	100	93	96	89	95

Lånegjelda per innbyggjar:




% av totale utgifter brukta på pleie og omsorg:




Utgifter pr. innbyggjar, kommunehelsetenesta



Utgifter barnehage og skule - pr barn:




Gjennomsnittlige grunnskulepoeng



Gjennomsnittleg gruppestørleik 1. - 10. trinn



Andel minoritetsspråklege barn i barnehagen




...nokre tal for
2016
Lom kommune
kjelde: ssb.no/kostra


Utgifter pr. innbyggjar, skulefritidsordninga




Mottakarar av heimetenester pr. 1000 innbyggjarar, 67-79 år




Mottakarar av heimetenester pr. 1000 innbyggjarar, 80 år og over



Andel innbyggjarar over 67 som er bebuarar på institusjon




Andel bebuarar i institusjonar som er 80 år og over





Utgifter pr. innbyggjar, skulefritidsordninga




Mottakarar av heimetenester pr. 1000 innbyggjarar, 67-79 år



Mottakarar av heimetenester pr. 1000 innbyggjarar, 80 år og over



Andel bebuarar i institusjonar som er 80 år og over



4 - Økonomisk oversyn

Statlege ramer

Frie inntekter

Generelt

Overføringane frå Staten gjennom rametilskot og skatteinntekt utgjer dei frie inntektene. I tillegg til dette har kommunen inntekt av eigedomsskatt, inntekt frå sal av konsesjonskraft og utbytte. Kommunen har også tilskot frå busetting av flyktningar.

Realveksten i dei frie inntektene for 2016 var berekna til 1,2 % (Kilde: Kommuneproposisjonen 2016). Auka i dei frie inntektene for kommunen, var på kr 2 859 000, noko som er ei auke på 3,4 % i forhold til 2015 i nominelle kroner.


Konsumprisindeksen viser ei prisauke i 2016 på 3,5 %, medan lønsoppgjøret hadde ei auke på 2,3 %.

Skatt

Lom kommune er ei minsteinntektskommune. Ca 90 % av differansen mellom eige skatteinngang og gjennomsnittet for landet, blir overført frå dei skattersterke kommunane til dei skattesvake gjennom inntektsutjamning. Lom kommune fekk ei inntektsutjamning i 2016 på kr. 12 636 000. Vi fekk ei meirinntekt på inntektsutjamning på kr 2 092 000. Skatteinntektane vart på kr 50 742 000. Av skatt på inntekt og formue (inkludert naturressursskatt) fekk kommunen ei mindreinntekt på kr 309 000. Tillagt meirinntekt på inntektsutjamning får vi ei meirinntekt på skattelementet på kr 1 748 3 000.

Rametilskot

Rametilskotet frå staten blir berekna etter ein prognosemodell utvikla av KS, som vi nyttar i budsjettsamanheng. Modellen bygger på avanserte indikatorar for folketal, demografi, berekna utgiftsbehov m.m. Rekneskapen syner at kommunen har fått eit samla rametilskot på kr 72 523 000 i 2016. Dette fører til ei mindreinntekt på kr 207 000. Rameoverføringane har gått ned med kr 571 000 i forhold til 2015. I tillegg har kommunen skjønnstilskot på kr 800 000 som er ei meirinntekt på kr 300 000. Samla overføringer frå staten gjev ei meirinntekt på kr 469 000.



	Budsjett 2016	Budsjett(end) 2016	Regnskap 2016	Avvik
■ SKATT PÅ INNTEKT OG FORMUE	-50 221 000	-51 051 000	-48 621 335	-2 429 665
■ NATURRESURSSKATT	0	0	-2 120 492	2 120 492
■ INNTEKTSUTJAMNINGSTILSKOT	-73 000 000	-72 730 000	-72 523 000	-207 000
■ SJØNNSTILSKOT	-11 834 000	-10 544 000	-12 635 931	2 091 931
■ Utlagt	-500 000	-500 000	-800 000	300 000
SUM	-135 555 000	-134 825 000	-136 700 758	1 875 758



Driftsrekneskapen for Lom kommune

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap	Justert budsjett	Opprinnelig budsjett	Rekneskap i fjor	Differanse rekneskap - justert budsjett
Driftsinntekter					
Brukerbetaling	10 011 952	9 048 600	9 178 600	9 255 769	963 352
Andre sals- og leigeinntekter	28 772 587	29 912 100	30 962 100	28 187 092	-1 139 513
Overføringer med krav til mottying	30 175 828	18 990 625	18 444 125	29 217 519	11 185 203
Rametilskott	85 958 931	83 474 000	85 034 000	83 559 554	2 484 931
Andre statlege overføringer	19 124 437	17 321 862	13 835 862	10 656 924	1 802 575
Andre overføringer	593 277	100 000	100 000	435 823	493 277
Skatt på inntekt og formue	48 621 335	51 051 000	50 221 000	45 993 670	-2 429 665
Eigedomsskatt	6 470 778	6 283 000	6 283 000	5 942 374	187 778
Andre direkte og indirekte skattar	7 257 763	4 450 000	4 600 000	6 929 741	2 807 763
Sum driftsinntekter	236 986 888	220 631 187	218 658 687	220 178 466	16 355 701
Driftsutgifter					
Lønsutgifter	131 798 326	126 736 717	126 574 627	126 630 241	5 061 609
Sosiale utgifter	23 146 604	24 127 310	22 944 700	29 222 554	-980 706
Kjøp av varer og tenester som går inn i tj.produksjon	32 080 881	29 005 100	25 892 100	31 652 976	3 075 781
Kjøp av tenester som erstattar tj.produksjon	22 797 869	19 637 096	19 260 117	20 551 215	3 160 773
Overføringer	19 141 403	16 561 580	14 812 425	19 321 947	2 579 823
Avskrivninger	12 643 138	11 230 853	11 230 853	11 961 354	1 412 285
Fordelte utgifter	-5 407 782	-470 000	-174 000	-1 983 589	-4 937 782
Sum driftsutgifter	236 200 438	226 828 656	220 540 822	237 356 698	9 371 782
Brutto driftsresultat	786 449	-6 197 469	-1 882 135	-17 178 232	6 983 918
Finansinntekter					
Renteinntekter og utbyte	9 223 325	10 755 000	11 520 000	10 230 262	-1 531 675
Gevinst på finansielle instr. (omløpsmidler)	0	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån	44 824	30 000	30 000	109 340	14 824
Sum eksterne finansinntekter	9 268 149	10 785 000	11 550 000	10 339 602	-1 516 851
Finansutgifter					
Renteutgifter og låneomkostningar	3 701 322	3 727 800	4 177 800	3 972 249	-26 478
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	6 825 105	8 287 800	8 287 800	6 171 550	-1 462 695
Utlån	34 200	50 000	50 000	428 300	-15 800
Sum eksterne finansutgifter	10 560 627	12 065 600	12 515 600	10 572 099	-1 504 973
Resultat eksterne finantransaksjonar	-1 292 478	-1 280 600	-965 600	-232 497	-11 878
Motpost avskrivninger	12 643 138	11 230 853	11 230 853	11 961 354	1 412 285
Netto driftsresultat	12 137 110	3 752 784	8 383 118	-5 449 375	8 384 326
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	5,3 %	2,1 %	3,8 %	-2,5 %	
Interne finantransaksjoner					
Bruk av tidligare års regnsk.m. mindreforbruk				1 336 647	0
Bruk av disposisjonsfond	2 086 500	1 986 500	930 500	1 069 182	100 000
Bruk av bundne fond	4 390 536	4 371 534	2 997 100	7 660 815	19 002
Sum bruk av avsetning	6 477 036	6 358 034	3 927 600	10 066 644	119 002
Overført til investeringsregnskapet	0	220 800	370 800	0	-220 800
Dekning av tidlegare års regnsk.m. meirforbruk	1 005 252	1 005 252	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	3 771 766	3 771 766	6 652 918	0	0
Avsatt til bundne fond	7 406 245	5 287 000	5 287 000	5 622 521	2 119 245
Sum avsetninger	12 183 263	10 284 818	12 310 718	5 622 521	1 898 445
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	6 430 883	0	0	-1 005 252	6 430 883

Hovudtal frå tenesteområda

Tenesteområde	Regnskap 2 012	Regnskap 2 013	Regnskap 2 014	Regnskap 2 015	Regnskap 2 016	Buds(end) 2 016	Avvik i kr ¹	Avvik i %
Støttefunksjonen	-119 310 560	-120 314 464	-131 873 714	-125 211 276	-133 534 592	-133 613 054	78 462	-0,1
Loar skule	138 057 555	144 572 75	162 919 34	178 877 31	173 130 96	170 892 39	223 857	1,3
Garmo skule	65 726 71	63 122 96	70 430 93	25 964 56	0	0	0	0,0
Lom ungdomsskule	97 532 39	95 755 12	107 867 43	119 691 35	117 798 40	122 412 10	-461 370	-3,8
Barnehagane	8 970 954	9 156 390	9 027 249	12 122 342	13 988 168	14 193 401	-205 233	-1,4
Miljø, teknisk, næring ¹	10 362 602	9 859 653	9 695 172	8 976 051	11 320 500	9 576 968	1 743 532	18,2
Utgard	0	-4 995	489 804	727 370	1 715 815	683 027	1 032 788	151,2
Helse og velverd	20 111 984	17 038 312	18 004 328	14 517 282	10 975 284	12 319 318	-1 344 034	-10,9
Pleie og omsorg	27 842 531	29 561 041	30 619 863	29 942 548	54 820 260	56 616 289	-1 796 029	-3,2
Heimebasert omsorg	21 142 896	21 706 529	23 694 162	23 089 544	0	0	0	0,0
Rådgjevar oppvekst	10 966 331	11 331 460	6 208 341	3 380 701	2 372 505	2 395 600	-23 095	-1,0
Servicetorg	0	0	0	0	8 067 853	7 456 530	611 323	8,2
Bibliotek	0	0	0	0	1 181 272	1 041 472	139 800	13,4

-(minus) tyder at det er positive avvik, +(plus) tyder at det er negative avvik

¹: Avviket skuldast løyingar frå næringsfondet løyvd i tidlegare år, men utbetalt i 2016, med kr. 854 000. Kr 815 000 skuldast naudsynt vedlikehald, innan skule med kr. 100 000, 400 000 på bygg heilseheimen, Loar kulturhus med kr 100 000, samt poster elles både som overforbruk og mindreforbruk.

Regnskapsresultat

Inntekter

Driftsinntektene er kr 16 356 000 betre enn budsjettet.

Brukarbetalingar

Avviket skuldast auka inntekt frå langtidsopphald på institusjon og egedel legetenester med kr 940 000. Det er i tillegg fleire postar, somme negative somme med positivt avvik. Det er kr 3 300 000 meir enn budsjettet i refundert frå sjukelønsordninga, noko som må sjåast saman med lønsutgiftene. Det er og kr 990 000 i meirinntekt frå momsrefusjon.

Andre sals og leieinntekter

Den største enkeltposten med avvik under dette punktet er sal av konsesjonskraft med eit negativt avvik på kr. 834 000.

Samla avvik er 1 139 000.

Overføringer med krav til motyting

Denne posten har eit samla positivt

avvik på kr. 11 160 000. Enkeltposter med avvik er refusjon sjukeløn og fødeselspenger med kr. 4 400 000 som ein må sjå saman med lønsutgifter.

Momsrefusjon har eit positivt avvik med kr. 1 221 000, dette må sjåast saman med tilsvarande utgiftspost. Overføring frå andre kommunar har eit positivt avvik med kr. 1 250 000 og refusjons frå private med kr. 1 216 000.

Andre statlege overføringer

Meirinntekta er frå integreringstilskot for mottak av flyktningar med kr. 1 329 000, øyremerka tilskot til nasjonalparklandsbyen med kr. 352 000 og kr. 240 000 meir i overføring til veteranærvakt. Det siste må sjåast saman med tilsvarande utgifter.

Kraftrelaterte inntekter

Årsrekneskapen for Lom kommune for 2016 viser enda ein gong kor viktige samla inntekter kommunen har som følgje av erstatningar og kompensasjonar

frå kraftutbygging og kraftproduksjon. Samla sett viser inntekter frå konsesjonsavgifter, konsesjonskraft, egedomsskatt frå verker og bruk knytt til kraftproduksjon og naturressursskatt 15 096 000 kroner.

I tillegg kjem renteavkastning på fond som er oppretta som følgje av erstatningar og utbyggingsavtaler). Desse inntektene er avgjerande for god teneste- og velferdsproduksjon i kommunen. Det er særdeles viktig å følgje opp desse rettane og inntektene i åra som kjem. Dette gjeld både ved å syte for at eigenkompetanse er til stades i kommunen, og at forståing for grunnlaget for inntekter er tilstrekkeleg. Det er ikkje minst viktig å ivareta dette området interessepoltisk for distriktskommunane


Anna

Det blir elles vist til punktet om «statlege rammer».

Konsesjonskraft

	Regnskap 2015	Regnskap 2016	Buds(end) 2016	Avvik Rekneskap - budsjett
Sum utgifter	4 098 796	5079 198	4 429 000	650 198
Sum inntekter	-7 787 588	-8 191 618	-7 930 000	-261 618
Resultat frå sal av konsesjonskraft	-3 688 792	-3 112 420	-3 501 000	388 580

Driftsinntekter	Kr
Brukertilbetalinger	10 011 952
Andre sals- og leigeinntekter	28 772 587
Overføringer med krav til motyting	30 175 828
Rammetilskott	85 958 931
Andre statlege overføringer	19 124 437
Andre overføringer	593 277
Skatt på inntekt og formue	48 621 335
Eigedomsskatt	6 470 778
Andre direkte og indirekte skattar	7 257 763
Sum driftsinntekter	236 986 888



Utgifter og kostnader

Avvika på utgiftssida må ein i vesentleg grad sjå opp i mot avvika på inntektssida. Samla inntekter har ei meirinntekt på kr. 16 300 000 i forhold til justert budsjett. I forhold til førre året er meirinntekta på kr. 16 800 000.

Samla meirforbruk på utgiftssida, i forhold til justert budsjett, er på kr. 15 500 000, medan det er eit mindreforbruk i forhold til rekneskapen for 2015 på kr. 1 200 000.

Lønsutgiftene har auka med 2,9 % i forhold til 2015. Lønsutgiftene er kr 6 100 000 høgare enn budsjettet. Dette må ein sjå saman med refusjons av sjukeløn som er kr 4 400 000 høgare enn budsjettet. Kr 1 900 000 av avviket kjem i fårt introduksjonsstønad, som vi må sjå saman med tilskot for mottak av flyktninger.

Sosiale utgifter har eit positivt avvik på kr 980 000 i forhold til budsjettet. Ser vi dei sosiale utgiftene i forhold til 2015, så er disse kr. 6 076 000 mindre i 2016. Dette avviket skuldast pensjonskostnader til KLP.

«Kjøp av varer og tenester som går inn i tenesteproduksjonen» har eit avvik på kr 2 298 000. Av vesentlege avvik under denne posten har vi:

- Matvarer med kr. 670 000 i negativt avvik.
- Anna forbruksmateriell/råvarer og tenester har eit overforbruk på ca. kr 787 000.

- Konsulenttenester/juridiske tenester har eit overforbruk på kr 613 000. Dette er fakturaer for bl.a. skredkartlegging, juridisk bistand tenesteleveranse, vurdering opp mot lov om offentlige innkjøp, flomberekning Årssjø og poster som går både til pluss og minus.

«Kjøp av tenester som erstattar tenesteproduksjon» har eit overforbruk på kr 2 193 000. Dei vesentlege avvika under denne posten kjem frå:

- Kjøp av tenester frå Regiondata, har eit overforbruk på kr. 470 000, men dette må sjåast opp i mot totalt budsjett for budsjettområdet.
- Kjøp av landbrukstenester frå Vågå kommune og andre, har eit meirforbruk på kr 264 000. Dette må sjåast opp i mot lønsbudsjettet.
- Kjøp av tenester frå Skjåk kommune, «Dei gode hjelparane» har eit meirforbruk på kr. 255 000
- Kjøp av tenester – tiltaksarbeid – har eit meirforbruk på kr. 100 000
- Kjøp av tenester – bygg heilseheimen – har eit meirforbruk på kr. 135 000
- Kjøp av vaskeritenester har eit meirforbruk på kr. 212 000
- Kjøp av ekstern arbeidskraft, institusjonsplasser - har eit meirforbruk på kr. 324 000.
- Det er andre postar med mindre avvik både positive og negative.

- Det er andre postar som går både i positiv og negativ retning.

«Overføringer» har eit avvik på kr 3 566 000.

- Momskompensasjon, som kjem under denne posten har eit meirforbruk på kr. 1 207 000. Denne posten har ei tilsvarende meirinntekt, slik at reelt – totalt – avvik er på kr. 2 359 000

- Kjøp av konsesjonskraft har eit overforbruk på kr. 609 000. Dette må og sjåast opp i mot salet av konsesjonskraft.

- Overføring til idretten, har eit overforbruk på kr. 143 000.


- Overføring til private frå næringsfondet, har eit meirforbruk på kr. 1 470 000. Dette kjem av at utbetalingane kjem i seinare år enn det løvingane er gjevne. Budsjettet blir justert i samband med løvingane.

- Utgifter i samband med etablering av flyktninger har eit meirforbruk på kr. 359 000. Dette må sjåast opp i mot dei overføringane som kommunen får frå staten.

- Det er elles andre postar med mindre avvik både positive og negative.

Ei oppstilling av rekneskapen for 2016 mot 2015 syner denne utviklinga:

	Rekneskap		
	2015	2016	Endring
Sum driftsinntekter	236 986 888	220 178 466	16 808 422
Driftsutgifter			
Lønnsutgifter	131 798 326	126 630 241	5 168 085
Sosiale utgifter	23 146 604	29 222 554	-6 075 950
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	32 080 881	31 652 976	427 905
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	22 797 869	20 551 215	2 246 654
Overføringer	19 141 403	19 321 947	-180 544
Avskrivninger	12 643 138	11 961 354	681 784
Fordelte utgifter	-5 407 782	-1 983 589	-3 424 193
Sum driftsutgifter	236 200 438	237 356 698	-1 156 259
Brutto driftsresultat	786 449	-17 178 232	17 964 681
Finansinntekter			
Renteinntekter og utbytte	9 223 325	10 230 262	-1 006 937
Gevinst på finansielle instr. (omløpsmidler)	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	44 824	109 340	-64 516
Sum eksterne finansinntekter	9 268 149	10 339 602	-1 071 453
Finansutgifter			
Renteutgifter og låneomkostninger	3 701 322	3 972 249	-270 927
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0
Avdrag på lån	6 825 105	6 171 550	653 555
Utlån	34 200	428 300	-394 100
Sum eksterne finansutgifter	10 560 627	10 572 099	-11 472
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-1 292 478	-232 497	-1 059 981
Motpost avskrivninger	12 643 138	11 961 354	681 784
Netto driftsresultat	12 137 110	-5 449 375	17 586 484



Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat er positivt, og er vesentleg forbetring frå tidlegare år. Denne resultatposten syner resultatet av drifta før finansposter. Brutto driftsresultat er kr. 786 000, mot justert budsjett på kr - 6 197 000.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat syner kva som kan nyttast til avsettingar og bidrag til finansiering av investeringar etter at renter og avdrag er betalt. For å sikre ei

forsvarleg formueforvaltning er det frå sentral styremakter tilrådd å ha eit netto driftsresultat som er minimum 1,75% av driftsinntektene. Dette måltalet må vurderast ut i frå kva som er dei lokale behov til investering og utviklingstiltak. For å halde eit stabilt godt investeringsnivå utan reell auke i gjeld, er det naudsynt at netto driftsresultat i % av driftsinntektene held seg på eit høgt nivå. For Lom bør dette talet vera minst 2%. 2 % er i samsvar med vedteken økonomisk handlingsregel. Lom kommune har eit


stort investeringsbehov. Ein bør halde eigenkapitalfinansiering på investeringar på ca. 40 %.

Netto driftsresultat for 2016 er kr 12 137 000. Justerer vi netto driftsresultat for premieavviket og netto bruk av bundne fond, får vi eit justert netto driftsresultat som er kr 11 133 000. Det justerte netto driftsresultat blir 4,9 % av driftsinntektene.

Netto driftsresultat

	2012*)	2013*)	2014	2015	2016
Netto driftsresultat	13 534 441	14 334 528	-2 288 486	-5 449 375	12 137 000
Netto driftsresultat justert	15 385 843	23 737 232	-2 785 608	-704 742	11 133 000
Justert netto driftsresultat i % av driftsinntekter	6,9 %	10,2 %	-1,3 %	-0,3 %	4,7 %

*) For 2012 og 2013 var momskompensasjon frå investeringar ført som inntekt i driftsrekneskapen, noko som er årsaken til det spesielt høge driftsresultatet disse åra. Rekneskapsreglane er endre frå 2014.



Figuren syner utvikling i netto driftsresultat. Fra 2014 er ikke momskompensasjon på investeringar ført som driftsinntekt, og dermed får vi ein reduksjon i netto driftsresultat av den grunn og.

Konklusjon:

Lom kommune har eit godt netto driftsresultat i 2016 i forhold til 2015, men dette skuldast mellom anna skattetilpassing*, og er dermed spesielt for 2016 og ikkje noko vi får med oss vidare i 2017.

Vi hadde lågare pensjonsutgifter, og mindre lâneavdrag enn kva vi får for 2017.

Lom kommune står overfor store investeringar, og dermed auka press på det økonomiske resultatet.

*Det var ei stor auke i skatteinngangen i 2016. Frå skatteåret 2016 vart det auka skatt på inntekter av utbytt. Dette førte til at skatteytarar tok ut utbytte i skatteåret 2015 for å sleppe den auka skatten frå 2016.

Handlingsregelen

I kommunestyretmøte den 29.10.2015 i sak 61/2015 vedtok Lom kommunestyret ein handlingsregel for god økonomisk styring.

Handlingsregelen har desse målsetjingane:

- Mål om korrigert netto driftsresultat: 2 % av driftsinntektene.
- Mål om storleiken på disposisjonsfondet: 10 % av driftsinntektene.
- Mål om netto lånegjeld: skal ikkje vera over 65 % av driftsinntektene.

Avviket i justert netto driftsresultat er positivt med kr 6 427 000. Er dette godt nok for dei nærmaste åra?

Presset på netto driftsresultat vil vera stort i 2017. Det er behov for store investeringar. Kravet til justert netto driftsresultat må sjåast saman med investeringsbehova, og det faktum at vi har eit lågt rentenivå. Dette kan koma til å auke, slik at det vil bli større utfordringar med å greie 2,0 % justert netto driftsresultat.

Som ei motvekt til dette har vi ein god struktur på låneporlefølgja sett opp i mot likvide middel med avkastning i form av renteinntekter. Pr. 31.12.16 har vi ei god rentesikring. Investeringar vil og sette krav til lånegjeld og disposisjonsfondet. Investeringar bør finansierast med 40 % eigekapital.

Netto lånegjeld har eit avvik i forhold til målsettinga med kr 65 920 000, som gjelda må reduserast med. I tillegg ser vi at det er behov for å auke disposisjonsfondet med kr. 5 414 000. Vi har eit mindreforbruk i 2016 på kr. 6 130 000, der mykje av dette kan gå til styrking av disposisjonsfondet.

Handlingsregel	2015	2016	Handlingsregel	Avvik
Driftsinntekter	220 178 466	236 987 000	236 200 000	
Justert netto driftsresultat	-707 669	11 133 000	4 724 000	-6 409 000
Justert netto drift i % av driftsinntekter	-0,3 %	4,7 %	2,0 %	
Disposisjonsfond	16 507 231	18 130 497	23 620 000	5 489 503
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	7 %	8 %	10 %	
Netto lånegjeld	196 812 667	240 340 000	153 530 000	86 810 000
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	89 %	101 %	65 %	



Balanse	Regnskap 2016	Regnskap 2015
Eigendeler		
Anleggsmidler	708 311 738	667 747 794
Faste eiendommer og anlegg	375 531 464	354 308 728
Ustyr, maskiner og transportmidler	5 870 328	6 421 090
Utlån	47 666 558	49 262 077
Konserninterne langsiktige fordringer	0	0
Aksjer og andeler	11 563 915	0
Pensjonsmidler	267 679 473	257 755 899
Omløpsmidler	145 231 590	113 079 043
Kortsiktige fordringer	29 021 934	21 296 734
Konterninterne kortsiktige fordringer	0	0
Premieavvik	3 376 433	-625 431
Aksjer og andeler	0	10 887 143
Sertifikater	0	0
Obligasjoner	0	0
Derivater	0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd	112 833 223	81 520 597
SUM EIENDELER	853 543 328	780 826 836
Eigenkapital og gjeld		
Egenkapital	235 343 023	228 686 218
Dispositionsfond	18 130 497	16 507 231
Bundne driftsfond	40 908 402	38 573 438
Ubundne investeringsfond	4 087 754	4 467 702
Bundne investeringsfond	3 716 543	1 687 223
Regnskapsmessig mindreforbruk	6 430 883	0
Regnskapsmessig merforbruk	0	-1 005 252
Udisponert i inv.regnskap	0	0
Udekket i inv.regnskap	0	-379 948
Kapitalkonto	165 416 319	172 183 198
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	-369 896	-369 896
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	-2 977 477	-2 977 477
Langsiktig gjeld	572 306 943	512 903 134
Pensjonsforpliktelser	331 966 181	316 090 467
Ihendehaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	240 340 762	196 812 667
Konsernintern langsiktig gjeld	0	0
Kortsiktig gjeld	45 893 362	39 237 485
Kassekredittlån	0	0
Annен kortsiktig gjeld	45 893 362	39 237 485
Derivater	0	0
Konsernintern kortsiktig gjeld	0	0
Premieavvik	0	0
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	853 543 328	780 826 836
Memoriakonto	31 879 413	9 206 246
Ubrukte lånemidler	29 412 124	6 451 395
Ubrukte konserninterne lånemidler	0	0
Andre memoriakonti	2 467 289	2 754 850
Motkonto for memoriakontiene	-31 879 413	-9 206 246

Økonomisk oversikt - investering

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	0	0	0	10 238
Andre salgsinntekter	0	0	0	0
Overføringer med krav til mottelse	2 971 770	7 537 000	5 775 000	1 275 000
Kompensasjon for merverdiavgift	2 222 639	12 263 600	8 317 500	1 327 296
Statlige overføringer	1 353 112	0	0	0
Andre overføringer	196 466	95 000	0	1 553 681
Renteinntekter og utbytte	0	0	0	0
Sum inntekter	6 743 987	19 895 600	14 092 500	4 166 215
Utgifter				
Lønnsutgifter	0	0	0	0
Sosiale utgifter	0	0	0	2 443
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	31 176 170	65 619 900	43 927 500	20 095 667
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	0	0	0	0
Overføringer	2 222 639	12 263 600	8 317 500	1 327 296
Renteutgifter og omkostninger	0	0	0	0
Fordelte utgifter	0	0	0	0
Sum utgifter	33 398 810	77 883 500	52 245 000	21 425 406
Finanstransaksjoner				
Avdrag på lån	1 072 616	970 800	970 800	2 333 711
Utlån	1 233 300	2 000 000	2 000 000	758 700
Kjøp av aksjer og andeler	687 772	0	0	548 859
Dekning av tidligere års udekket	379 948	379 948	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	0	0	0	623 316
Avsatt til bundne investeringsfond	2 029 320	0	0	1 174 150
Sum finansieringstransaksjoner	5 402 956	3 350 748	2 970 800	5 438 736
Finansieringsbehov	32 057 779	61 338 648	41 123 300	22 697 927
Dekket slik:				
Bruk av lån	28 007 272	59 267 900	40 152 500	16 378 013
Salg av aksjer og andeler	26 897	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	2 796 544	750 000	750 000	2 185 575
Overført fra driftsregnskapet	0	220 800	220 800	0
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	623 316
Bruk av disposisjonsfond	162 000	162 000	0	251 507
Bruk av bundne driftsfond	685 118	558 000	0	1 530 982
Bruk av ubundne investeringsfond	379 948	379 948	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	1 348 586
Sum finansiering	32 057 779	61 338 648	41 123 300	22 317 979
Udekket/udisponert	0	0	0	-379 948



Leiargruppa i Lom kommune

Frå bak: Bjørn Bakke, Tore Mundal, Egil Haug, Ragnhild Vestad, Oda Evy Øyen
Anita Hølmo Nestvold og Ola Helstad

Anleggsmidlar

Anleggsmidlar syner dei rekneskapsførde verdiar av eigedomar, drifts-midlar, pensjonsmidlar, utlån og aksjar med meir. Total bokførd verdi av anleggsmidlar ved utgangen av 2016 var kr 708 311 000. Anleggsmidlar har auka med kr 40 564 000 frå 2015 til 2016. Omlag kr 9 924 000 av denne auka skuldast pensjonsmidlar. Den bokførde verdien av pensjonsmidlar er kr 267 679 000.

Omløpsmidlar

Omløpsmidlar er dei bokførde verdiane av kasse, bank, kundefordringar m.m., og er eit tal i vurdering av likviditeten.

Det er rekneskapsmessig endring i føring av aksjar frå omløpsmiddel til anleggsmiddel. Aksjane som kommunen har, er aksjar med langsigkt føremål. Omløpsmidlar har auka med kr 32 153 000 frå 2015 til 2016. Bankinnskot har auka med kr 31 313 000. Noko av denne auka skuldast opptak av lån, som ikkje har gått inn i investeringsprosjekta pr. 31.12.16. Vi har ei auke i ubrukte lånemiddel på kr. 22 961 000, som er plassert på rentebærande konto i bank. For å vurdere likviditteten bør ein ta dette med i vurderingane. Likviditeten til Lom kommune er god.


Ser ein på kortsiktig gjeld (skal betalast innan 1 år) opp mot omløpsmiddel (kasse, bank, kundefordringar), så har vi i 2016 eit forholdstal = Omløpsmiddel dividert på kortsiktig gjeld(fråtrekt ubrukte lånemiddel) på 2,6 mot 2,7 i 2015. Dette vil seie at vi har likvider til å betale den kortsiktige gjelda 2,6 gonger, noko som er ein god likviditet.

Arbeidskapitalutvikling

-ei anna oversikt over likviditetsutviklinga.

Arbeidskapitalen er differansen mellom omløpsmiddel og kortsiktig gjeld, sett i prosent av driftsinntekter. Både disse analysane syner ein god likviditet.

Arbeidskapital i % av driftsinntekter



Kortsiktig gjeld

For Lom kommune består kortsiktig gjeld av gjeld til leverandørar, arbeidsgjevaravgift, skuldig meiverdigavgift, skattetrekks m.m. Denne gjelta har ei auke med kr 6 197 000. Pr 31.12.2016 var denne gjelta på kr 45 434 946.

Langsigkt gjeld

Langsigkt gjeld består av lånegjeld og pensjonsforpliktingar. Rekneskapsført langsigkt gjeld
pr. 31.12.2016 var kr 572 306 943 mot


kr 512 903 000 ved utgangen av 2015.

Dette er ei auke på kr 59 404 000. Låneopptak blir gjort etter vedtak i kommunestyret. Opptak av låna kan strekke seg utover året, sett noko i forhold til framdrift i investeringsprosjekt. Pensjonsforpliktingane var bokført med kr 331 966 000 000, ei auke på kr 15 876 000 frå 2015. Lån til investeringar var bokførde med kr 219 450 000.


Eigenkapital

Eigenkapitalen syner kor mykje av kommunen sine eigedelar som er finansiert med eigne middel. Eigenkapitalen har hatt nedgang dei siste åra. Dei siste åra har lite frå drifta vorte tilført eigenkapital/disposisjonsfond. Ved investeringar bør ein nytte ca. 40 % eigenkapital og dermed maksimalt ca. 60 % langsigkt gjeld. Eigekapitalen var ved utgangen av 2015 på kr 228 700 000, og ved utgangen av 2016 var denne på kr 235 343 000.

Lånegjeld



Eigenkapitalprosent



Finansrapport - føremålet med finansforvaltninga

Overordna mål

Finansforvaltninga har som overordna føremål å sikre stor grad av forutsigbarhet for Lom kommune sin finansielle stilling. Finansforvaltninga skal gje ei rimelig avkastning, utan å ta vesentleg finansiell risiko.

Delmål

Kommunen skal til kvar tid ha likviditet til å dekkje dei forpliktingar som kommunen har. Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning.

av likvidane er plasserte i rentebinding med tre månaders oppseiningstid. Gjennomsnittleg inneståande på denne avtala er kr 57 000 000. Likvider elles er plasserte til flytande rente, og er til ei kvar tid disponible midlar

“Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad. Vurdering av dette skal skje innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Det skal takast omsyn til at det er behov for å ha forutsigbare lånekostnader.” Ved 1 % renteauke, vil våre utgifter pr. år auke med ca. kr. 1 280 000.

Gjeldsportefølje og andre finansieringsavtaler

Sum lånebehov for 2016 etter kommunestyret sitt budsjettvedtak var kr 40 152 000. Nye lån i 2016 er på kr 50 967 000. Lån etter budsjettvedtak for 2015, har kome inn i 2016 med kr 10

Lån til flytande rente er på kr 128 100 000. Ein del av lånegjelda, er lån til investeringar innan VAR-området. Her er renta sikra ved at rentekostnaden blir kalkulert inn i dei kommunale gebyra, etter reglar for fastsetting av gebyr. Forvaltningslån utgjer kr 20 890 000.


Disse låna er i det meste lånt ut vidare, der ei eventuell renteauke er sikra ved auka renteinntekt frå utlån. I tillegg har vi gjennom året plassert kapital tilsvarande ca. 100 000 000, noko som vil gje oss auka renteinntekt av denne kapitalen. Ut frå dette kan vi vurdere renterisikoet til å vera låg.

Kommunen sine langsiktige finansielle aktiva - Føremål

Forvaltning av Lom kommune sine langsiktige finansielle aktiva har som føremål å sikre ei langsiktig avkastning som kan vera med på å gje innbyggjarane i Lom eit godt tenestetilbod. Det skal styrast etter ein rullerande investeringshorisont på 5 år, samtidig som ein forsøker å få ei rimeleg årleg bokført avkasting.

Dagens situasjon

Lom kommune har lån til AS Eidefoss, der kommunestyret tidlegare har vurdert at kommunen, saman med dei andre eigarkommunane kvar kan yte eit ansvarleg lån til selskapet med kr 30 mill. I tillegg har Lom kommune aksjar og egedelar i andre selskap som vist i oppstilling til høgre. Aksjar og andre egedelar er å sjå på som langsiktige og samfunnsmessige investeringar.



Dette skal gjerast innanfor definerte krav til likviditet og risiko. Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad. Vurdering av dette skal skje innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Det skal takast omsyn til at det er behov for å ha forutsigbare lånekostnader. Forvaltning av eventuelle langsiktige finansielle aktiva, utanom middel berekna til å dekke daglege fordringar til driftsføremål, skal skje etter same overordna forsiktige prinsipp som for annan likviditet.

Ledig likviditet og midlar for driftsføremål

Kommunen sine midlar til driftsføremål (og ledig likviditet) kan plasserast i bankinnskot, pengemarknadsfond og renteberande verdipapir med kort løpetid.

Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK). Driftslikviditet til kommunen skal plasserast i kommunen sin hovudbank.

I tillegg kan det gjerast innskot i andre spare- eller forretningsbankar. Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekkje dei forpliktingar som kommunen har. Kommunen sine likvider er plasserte i bankinnskot. Noko

0010 000. Låneopptak blir vurdert opp mot investeringane og framdrift på disse. Kommunale bilar, der leasingavtala gjekk ut i 2016, er kjøp ut frå leasingsselskapet.

Ved utgangen av året hadde vi denne fordelinga mellom lån med flytande rente og fast rente:

- Fastrentelån: 46,7 %
- Flytande rente: 53,3 %

Finansreglementet seier at fordelinga på lånealternativa skal ha minimum 1/3 av låna skal vera lån til fastrente og minimum 1/3 av låna skal vera lån til flytande rente, medan 1/3 skal vurderast ut i frå marknadssituasjonen. Etter dette blir det vurdert til at fordeling av låna er innanfor reglementet sine krav.

Eitt av delmåla i finansreglementet:

Nykktal pr. 31.12.16

01.01.– 31.12.16

Renteinntekter og aksjeutbytte	9 223 000
Avkastning i %	6,2 %
Langsiktig gjeld utanom pensjonsforpliktingar	240 341 000
Effektiv lånerente	1,7 %
Aksjar og utlån	35 005 000


Støttefunksjonen

Oppgåver og ansvar

Støttefunksjonen skal yte service overfor dei andre resultatområda i kommunen. På denne måten får dei andre resultatområda hatt fokus på sine primæroppgåver. Støttefunksjonen har også oppgåver som er retta mot innbyggjarane i kommunen.

Støttefunksjonen har hatt ansvaret for desse oppgåvene:

- IT/IKT
- Personalavdeling/HMT
- Økonomi
- Innkjøp



Mål og resultatstyring

Støttefunksjonen skal leve tenester med god service, vera løysningsorientert, halde fristar og tydeleggjera tenestene.

I løpet av 2015 og 2016 hadde vi 100 % utskifting av personell innan økonomi og løn. Dette har sett store krav til organisasjonen og dei nye tilsette, som har vore i ein opplæringsituasjon gjennom heile 2016, og vil vera det og i delar av 2017. Mykje har sett seg i organisasjonen etter kvart, og med gjennomføring av årsoppgjøra har fleire fått ein fin gjennomgang av oppgåver og kva krav det er til disse.

Med bakgrunn i at det er nye tilsette, må det arbeidast med rolleavklaring og opplæringsstiltak, slik at tilsette føler seg trygge arbeidssituasjonen.

Det siste er konklusjonen ut frå medarbeidarundersøkinga.

Det at vi er mange nye, har nok og innverknad på resultatet i brukarundersøkinga. Dei fleste indikatorane kjem ut med gode resultat. Nokre parameter, syner forbettingspotensiale. For det som går på leveringstid, må det og seiast at vi er for det meste avhengig av levering frå andre for å få utført vårt arbeid. Vi har derfor bestemt at vi skal arrangere dialogmøte med dei forskjellige tenesteområda, for å avklare forventningar og krav til oppgåver mm. Dette med utgangspunkt i å skape felles forståing av utfordringar og oppgåveutføring.

Digitalisering:

Desse oppgåvene er digitalisert:

- Ny og forenkla versjon av kvalitetssystemet er installert
- Elektronisk delegeringsreglementet er under innføring. Dette vil fortsette i 2017.
- Det blir arbeidd med å digitalisere permisjonssøknader, registrering av sjukemeldingar, eigemeldingar og timelister for dei som er inne som vikarar og er timelønna. Dette vil fortsette i 2017.
- Nytt og forenkla system for import av bankfiler er teke i bruk.
- Elektronisk registrering av sjukepengeoppgjør frå NAV er gjennomført som fast rutine.

Målekart og kommentarar

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Støttefunksjonen			
			Noreg res 2016	Res 2015	Mål 2016	Res 2016
Brukarar	Opplevd kvalitet	Støttefunksjonen gjev god service ved kontakt	5,1	4,9	4,8	4,8
		Støttefunksjonen er løysningsorientert	4,9	4,6	4,7	4,5
		Støttefunksjonen held avtalte fristar	4,8	4,5	4,6	4,3
		Støttefunksjonen er tydeleg - gjer tenestene eg kan få	4,8	4,5	4,4	4,7

Saker til IT-support 2016

609

Saker registrert og behandla for Lom kommune av IT-konsulenter

Utfordringar framover

Framover vil Støttefunksjonen ha disse oppgåvene:

- Økonomi
- Personal
- Helse, - miljø og tryggleik
- Innkjøp, inkludert eHandel
- IKT

Vi vil ha fokus på desse prosessane:

- Vidareutvikle arbeidet med eHandel
- Vidareutvikle HMT – arbeidet i organisasjonen
- Arbeide vidare med automatisering av økonomiarbeidet
- Arbeide med automatisering av løns- og personalarbeidet

Digitalisering

Sentrale styremakter har sett fokus på digitalisering, der ein av aktørane som er utfordra i dette arbeidet er kommunane.

Det har kome to stortingsmeldingar om dette. Digitalisering blir sett på som eit utviklingsverktøy for å møte framtidige utfordringar i kommunesektoren. Kommunenes Sentralforbund har vedteke ein digitaliseringsstrategi for sektoren, som er under rullering i 2016, og ny plan vil bli vedteke i 2017.

Brukane skal setjast i sentrum ved innføring av nye verktøy, der disse vil bli inkludert i utvikling og val av system. Det må byggast kompetanse både hjå innbyggjarane, organisasjonar og blant tilsette.

Arbeidet er i det vesentlige eit organisatorisk arbeid, der teknologien er verktya.



Styret i Regiondata har vedteke at regionen skal vera digitalisert innan 2020. I samband med dette har dei sett ned ei prosjektgruppe til å arbeide fram ein digitaliseringsstrategi. Leiar Støttefunksjonen, Egil Haug er Lom kommune sin representant i arbeidet. Utkastet til digitaliseringsstrategi, skal overleverast styret i Regiondata i månadsskifte mai/juni 2017.

Når strategiplanen er vedteke, må det utarbeidast lokale handlingsplaner. Det er likevel å anbefale at regionen samarbeider om prosjekta, så langt dette let seg gjera. Det vil vera økonomisk mest lønsamt for kommunane å gjera felles investeringar.

Arbeidet i kommunane starter når strategiplanen er ferdigbehandla.



Servicetorg, informasjon, kultur (SIK)

Oppgåver og ansvar

Avdeling for informasjon, kultur og servicetorg vart skild ut som ein eigen avdeling 1. mai 2016 og lagt direkte under administrasjonssjefen.

Avdelinga leverer tenester innafor intern og ekstern informasjon, vedlikehald og utvikling av heimesida til kommunen og andre digitale kommunikasjonsplattformar, arkiv, politisk sekretariat, sentralbord og andre interne funksjonar, saksbehandling av kultur- og idrettssaker og sal- og skjenkeløyver, administrasjon og drift av Utgard fleirbruks hus og biblioteknester.

Biblioteket

Arbeidsoppgåvene på biblioteket er allsidige og mange. Alle tilsette deler på skrankevaktene, der vi står for utlån, rydding av bøker, og formidling i form av ein-til-ein kontakt med lånarar. I ledige stunder bak skranken oppdaterer vi oss på ny litteratur. Elles har vi kontinuerleg utstillingar rundt om i biblioteket, og desse må anten haldast ved like eller skiftast ut.

Ulike former for litteraturformidling er av dei viktigaste oppgåvene vi

held på med. Storparten av dette er klassebesök i grunnskulen, der vi har 25 bokpratar fast i året. I tillegg har vi formidlingsarrangement for vaksne, og alt dette inneber mykje førebuing. Vi er også inne på faste foreldremøte og snakkar om lesing og ny litteratur.

Vi formidlar også litteratur og bibliotek på nett, både via heimesida, blogg, facebook, twitter og instagram. Vi har i tillegg to bloggar saman med dei andre Norddalsbiblioteka; Ord om fjell og Det leste i livet er gratis. Fjelldiktbloggen oppdaterer vi i Lom kvar veke med eit nytt dikt med tilhøyrande fotografi og lydfil, medan alle bibliotekarane i Norddalen deler på å skrive bokomtaler i den andre.

Mykje tid går med til å bestille fjernlån av bøker til studentar og andre som ønskjer å låne bøker vi ikkje eig sjølv.

Samlingsutvikling er ei kontinuerleg oppgåve som inneber både kassering av bøker, lydbøker og filmar, samt bestilling av nytt for at biblioteket til ei kvar tid skal ha ei oppdatert og ryddig samling. Ein del tid går også med til arrangement, der vi står for all kontakt med dei som

skal underhalde, utforming av plakatar, opprettning av arrangement på sosiale mediar og annan marknadsføring, til rydding av lokale før og etter arrangementet.

Utgard

Utgard - Lom fleir brukshall er sjølv "storstugu" i kommunen. Her blir det arrangert konferansar, kinoframsyningar, ymse kulturrangement m.m. I Utgard finn ein og treningsrom med eige rom for spinning. Den vidaregåande skulen held hus i Utgard, det same gjer symjebassenget i Lom.

Informasjon

Oppgåver og tenester innan informasjon er og mange og varierte: Oppsett og utforming av publikasjonar til intern og ekstern bruk, administrasjon av nett-, intranett- og facebooksidene til kommunen. Bruk av video, bilete og lyd med tanke på synleggjering av kommunen er eit viktig arbeide - om det dreier seg om ledige stillingar, viktige hendingar eller generell informasjon.

Mål og resultatstyring - måloppnåing

Som eit relativt nytt tenesteområde, har ikkje SIK kome like langt som andre tenesteområde når det kjem til skriftleg synleggjering av mål, resulstatstyring og måloppnåing. Vi vel å fokusera på Utgard for året 2016:

Utgard

2016 var eit aktivt år i Utgard. Totalt var det 6777 som besøkte kulturrangement og konferansar. I tillegg til desse kjem alle dei som nyttar Utgard til trening, både i idrettshallen, kultursalen og styrke/ spinning.

Trening

Idrettshallen har stor aktivitet, og er i periodar av året heilt opptekne. Det er



"Totalt 6777 besøkte Utgard ved konserter, foredrag og konferansar i 2016."

ulike friviljuge lag som nyttar hallen på ettermiddag/kveld, og alle vekedagane er fulle frå nyttår til påske. I tillegg er det aktivitet inne i hallen frå påske til mai og frå haustferien til jul, men i desse periodane er det framleis ledig kapasitet.

Garderobane er i bruk gjennom heile året til fotballkampar og liknande.

På dagtid er det skulane som nyttar hallen til kroppsøving. I tillegg nyttar skulane seg og av styrke/spinningrommet i kroppsøvingstimane i ulike periodar. Styrke/spinningrommet har jamt besøk, og ein liten auke frå 2015. Antalet som nyttar seg av trening aktivt varierer frå 50-120 personer, mens det er registrert om lag 250 personar totalt.

I 2016 gjekk vi frå å selje treningstilgang «over disk» til å bli «online», dette for å auke tilgjengelegeita for brukararne.

Besøkande i Utgard 2016

6 777
på konserter, foredrag og konferansar

Besøkande Lom folkebibliotek

16 000
omtrentleg tal med snitt frå veker i 2016 med folketeljing

Selde kinobillettar i Utgard

1 391
på totalt 40 kinoframsyningar i 2016

Telefonar inn til 61 21 73 00

7 708
opptringar til sentralbordet i 2016
i snitt 21,1 telefonar kvar kalenderdag

Det er fleire brukarar som tilbyr aktivitet som spinning og aerobic i periodar av året, og som er ope for alle. Dette er eit fint tilbod, og takk til dei som tek initiativ og gjennomfører dette.

Kultur

Totalt 6 777 personar besøkte Utgard ved konserter, foredrag og konferansar i 2016. Dette er så langt besøksrekord!

Utgard har samarbeid med Teater Innlandet som hadde 4 framsyningar i 2016. I tillegg til desse hadde vi fleire lokale teatergrupper som leige seg inn og hadde svært fine framsyningar. Kvart år har russen sin russerevy, og som vanleg så er dette av dei mest

besøkte framsyningane som er i Utgard gjennom året. Diktaragar 2016 hadde fleire arrangement i Utgard i 2016, både konserter og foredrag. Både lokale og nasjonale artistar stod på scene i 2016, og fleire hadde plateslepp der dette året.

Kino

Utgard har fast samarbeid med Bygdekinoen, og det er dei som står for alle kinoframsyningane.

Sidan Utgard opna har vi vore den plassen som Bygdekinoen har mest besøk i heile Oppland. I 2016 hadde vi totalt 40 filmframseysingar med 1391 selde billettar.

Oppsummert er vi tilfreds med 2016 og aktivitetene. Samstundes fekk vi på plass utbetringa av ventilasjon og kjoleanlegg, dette stod klart hausten 2016. Arbeidet med renovering av bassenget starta opp hausten 2016, dette abeide skal være klart våren 2017.

Av alle dei som kjøper billettar til arrangementa blir over 90% selv på nett, dette er noko vi er svært takksamde for!

Til slutt ein STOR TAKK til alle som har brukt Utgard som arena for både store og små arrangement i 2016, alle er like viktige for oss!



Utfordringar framover

Lom kommune har store utfordringar når et gjeld å levere brukarvenlege, samanhengande og robuste digitale tenester til innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv. Kommunen må i større grad utnytte fordelane med å ha ein liten administrasjon som er tett på innbyggjarane når det gjeld utvikling og forbetring av kommunale tenester. Lom kommune har eit stort uutnytta potensiale når det gjeld å ta i bruk kreative og brukarsentrerte metodar i arbeidet med tenesteinnovasjon.

Innafor kultur- og friviljugfeltet har kommunen utfordringar med å lage eit tilbod til ungdom som ikkje er engasjert i organiserte aktivitetar. Dette gjeld til dømes dei som driv med mekking av bilar og traktorar og liknande, og dei som driv med dataspelning.



"Lom kommune har eit stort uutnytta potensiale når det gjeld å ta i bruk kreative og brukarsentrerte metodar i arbeidet med tenesteinnovasjon.

Innafor idrettsfeltet skal kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet rullerast i 2017. Formålet er å utarbeide eit politisk dokument for idrett og fysisk aktivitet som sikrar ein oppdatert og langsiktig plan for utvikling av idrettsanlegg i kommunen. I planprosessen blir det lagt opp til god medverknad der alle involverte parter skal ha moglegheit til å kome med innspel.

Dette er avgjerande for at planen skal kunne reflektere status og behov innafor idrettsfeltet i Lom kommune.

Sidevisningar lom.kommune.no

215 489

1.1.2016 - 32.12.2016

Filmavspelingar på kommunen si facebookside i 2016

118 423

facebook.com/lomkommune

Unike brukarar som såg innhald på kommunen si facebookside i 2016

943 437

facebook.com/lomkommune

Skulane i Lom

Oppgåver og ansvar

Lom ungdomsskule

Skal ein nå måla i Kunnskapsløftet, må ein sikre at elevane har tilstrekkelege grunnleggjande ferdigheiter i skriving, lesing og rekning.

Vi har frå 2009 vore med på TPO, ALU, Vurdering for læring og Mattelyst. Alle desse satsingane har vore med på å auke kompetansen i lærarpersonalet. Frå hausten 2016 har skulen vore med på UIU med spesiell satsing på skriving. I UIU er det lagt stor vekt på at lærarane må arbeide som eit kollektiv. Skal ein få til endring, så må ein arbeide mot det same målet. I dette skulearet har vil arbeid spesielt med å få til tverrfagleg prosjekt på kvart årstrinn. Vi vil og endre måten vi organiserer skrivedagane/tentamen i basisfaga. Målet er at desse dagane skal føre til meir læring for elevane. UIU vil bli avslutta til jul i 2017.

Skulen har i dei siste åra satsa sterkt på Vurdering for læring. Det er eit viktig tiltak for å betre elevane sin motivasjon for læring slik at dei kan gjennomføre det 13 årige skulelopet. Gjennom vurdering for læring vil elevane bli betre kjende med læringsmåla og få kunnskap om kva som krevst for å nå måla, men vi



må bli betre til å få elevane meir med i vurderingsarbeidet.

I dei to siste åra har vi satsa sterkt på lesing. Vi har fått utdanna to leserettleiarar som har rettleia andre lærarar i tillegg til at dei har hatt lesekurs for elevar med spesielle behov. Det har og vore arrangert klasselesekurs. Svært mange elevar har no Tempolex. Dette blir gjennomført både på skulen og heime der føresette må følge opp eleven. Det har for mange elevar blitt registrert stor framgang.

Det har kome nye kompetansekrav for lærarar. På ungdomsskulen må ein ha 60 stp. i basisfaga for å vere kvalifisert

for å undervise. I dei ande faga er det krav om 30 stp. Unntak frå dette er undervisning i valfag og i arbeidslivsfaget. Lærarar som no er tilsette i skulen, har frist til 2024 for å skaffe seg naudsynt undervisningskompetanse. Vi har utarbeid eit skjema som viser undervisningskompetansen på ungdomsskulen, og kva for lærarar som manglar naudsynt kompetanse. Når ein skal vidareutdanne lærarar, er det viktig at ein tek utgangspunkt i kompetanseplanen for skulen slik at lærarar utan godkjend kompetanse blir prioritert ved etterutdanning. For neste skuleår er to lærarar påmeldt til vidareutdanning, 30 studiepoeng i norsk og i Mat/helse.

Loar skule

For å nå måla i Kunnskapsløftet er viktig at det psykososiale miljøet er godt. Loar skule skal vere ein skule der elevane opplever tryggleik, inkludering, trivsel og omsorg. Læringa skal opplevast som meiningsfylt og læringsmiljøet skal gje elevane ei kjensle av meistring og tru på seg sjølve. Vidare satsing

på dei grunnleggjande dugleikane i Kunnskapsløftet er viktig for å oppnå måla våre.

Vidare lyt ein fokusere på etter- og vidareutdanning av det pedagogiske personalet, som må vere styrt av ein oppdatert strategisk kompetanseplan, slik

at ein til ei kvar tid ser framover og ser behova som vil oppstå.

Skulen si oppgåve er også å sikre eit godt samarbeid mellom skule og heim. Vi ser av forsking at dette samarbeidet er viktig for elevane si læring og trivsel på skulen.



- **TPO:** Tilpassa opplæring
- **Vurdering for læring:** Retningslinjer for lærarane sin vurderingspraksis
- **Mattelyst:** Matematikk-satsing i grunnskulen
- **UIU:** Ungdomstrinn i utvikling - nasjonal satsing
- **SFO:** Skulefritidsordning
- **ALU:** Auka læringsutbyte

Mål og resultatstyring - måloppnåing

Lom ungdomsskule

Det er viktig at skulen opprettheld den ressurstilgangen vi har no. Eit viktig mål er å dreie innsatsen frå enkeltvedtak om spesialundervisning og over til tilpassa undervisning. Der svært viktig at elevar som ligg i gråsona mellom å ha spesialundervisning og ordinær undervisning, blir flytta over til å få tilpassa undervisning i klassen. Skal ein lykkast med å få desse elevane gjennom ungdomsskulen med karakterar i alle fag og eit læringsutbytte som gjer dei i stand til å fullføre vidaregåande undervisning, må ein ha stor lærartettleik slik at det blir ei reell tilpassa undervisning.

Spesialundervisninga ved ungdomsskulen har vorte sterkt redusert frå 2009. Mange av «gråsoneeleverne» følger no ordinær undervisning. Men etter 2014 har vi fått ein del elevar med heilt spesielle behov (diagnosar) som har ført til at dei har lite utbyte av ordinær

undervisning og dermed utløyst retten til spesialundervisning. Sjølv om vi bruker ein del av spesialtimane til gruppedeling, har det ført til større behov for lærartimar og assistenttimar.

På dei nasjonale prøvene i basisfaga har vi som målsetting å ligge godt over



"Eksamensresultata viser at elevane i Lom ligg godt over landsgjennomsnittet i matematikk og i sidemål."

landsgjennomsnittet. 8. klasse i 2015 hadde dårlege resultat i alle tre basisfaga. Ved dei nasjonale prøvene i 9. klasse hausten 2016 hadde dei forbetra seg og låg omrent på landsgjennomsnittet i lesing og matematikk. Svært gledeleg at det no er mange elevar på nivå 5. Her ligg vi over landsgjennomsnittet. Resultata på dei nasjonale prøvene i 8. klasse 2016 i

lesing, rekning og engelsk var gledeleg nok betre enn i 2014 og i 2015. Men det er for mange elevar på nivå 1 og 2 i engelsk

Eksamensresultata viser at elevane i Lom ligg godt over landsgjennomsnittet i matematikk og i sidemål. I hovudmål var resultata litt lågare enn landsgjennomsnittet.

No i januar kom ei ny måling - «bidragsindikator» - som viser skulen sitt læringsutbytte der ein har eliminert dei føresette si sosiale- og utdanningsbakgrunn. Ungdomsskulen kjem svært godt ut på denne målinga. Landssnittet er 3,4 medan ungdomsskulen oppnådde 3,6. Det er svært få skular i landet som er betre enn oss.

Loar skule

På dei nasjonale prøvene i lesing og rekning hadde vi som målsetting å ha maks 10% av elevane på nivå 1. Dette greidde vi dette året og elevane fekk gode resultat. I lesing har vi godt under 10% på nivå 1 og i rekning er det ingen på nivå 1.



"Skulen var blant dei beste i landet på alle tre prøvene"

Resultata på nasjonale prøver vil svinge kvart år, da vi har små elevgrupper. Men det er likevel gledeleg at vi får til så gode resultat. Skulen var blant dei beste i landet på alle tre prøvene. Skulen har over lang tid arbeidd systematisk med klasseleiing, vurdering og

for lering, matematikk, tilpassa opplæring og auka læringsutbytte. I tillegg har denne klassa arbeid svært godt med klassemiljøet og foreldresamarbeid. Dette er noko vi må bygge vidare på, da vi veit at det er desse faktorane som spelar inn, i tillegg til kompetansen til lærarane. Vi skal difor framover arbeide med dei grunnleggjande dugleikane, i tillegg til klasseleiing, vurdering for lering og foreldresamarbeid.

Loar skule har hatt mangel på digitale hjelpemiddlar til både elevar og lærarar. Vi manglar fortsatt fire tavler for at alle elevane skal få ei likeverdig opplæring innanfor dette feltet.

Maskinparken til elevane byrjar og å bli gammal i tillegg til at det er for få maskinar. Vi har ønskje om å ta i bruk iPadar i leseopplæringa, men treng da klassesett

av det.

Det er viktig å ha fokus på fornying og supplering også framover, for vi er absolutt ikkje i mål på dette området. Skule og barnehage skal saman sjå på ein langsiktig plan for kva vi har behov for framover.



"Maskinparken til elevane byrjar og å bli gammal i tillegg til at det er for få maskinar"

Ei viktig målsetting for Loar skule er at elevane skal trivast her. Dette er viktig for all lering. Vi ser, både av elevundersøkinga ved skulen, at elevane ved Loar skule har det bra.



Frå bondebrudlaup

Målekart og kommentarar

Lom ungdomsskule

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Lom ungdomsskule			
			Noreg res 2016	Res 2015	Mål 2016	Res 2016
Brukarar	Opplevd kvalitet	Sosial trivsel	4,2	4,0	4,2	4,2
		Mobbing på skulen	1,3	1,2	1,2	1,0
		Vurdering for læring	3,3		3,4	3,2
		Fagleg rettleiing av lærar	4,0	4,1	4,1	4,2
Brukarar	Målt kvalitet	Gjennomsnitt grunnskulepoeng	41,1	39,5	41,5	43,5
		Resultat NP lesing 9. klasse, nivå 1 og 2 av 5 nivå	16 %	10,0 %	15 %	16 %
		Resultat NP regning 9. klasse, nivå 1 og 2 av 5 nivå	20 %	15,0 %	20 %	28 %

Økonomi

Det har vore god økonomistyring med eit mindreforbruk på ca. 400.000 kroner på heile tenesteområdet. Det er vanskeleg å budsjetttere utgifter/inntekter for vaksenopplæringa. Det avhenger av kor mange flyktningar som blir busette i kommunen. Då vi slit med å skaffe språkarbeidsplassar, får vi store utgifter til undervisning.

På 2016 budsjettet vart det skore ned på utgiftene. Det same har vi gjort i samband med arbeidet med 2017 budsjettet. No har vi kome på eit nivå som ikkje kan bli lågare av omsyn til elevane sitt læringsutbyte. Vi får vone at vi har nådd eit nivå alle kan leve med.

Det er ein del fellesutgifter som blir fordelt på tenesteområda på slutten av budsjettperioden. Dette gjer at budsjettansvarleg slit med å få full kontroll på dei samla utgiftene på budsjettet i løpet av året..

Brukarar

Elevundersøkinga i 10. klasse er obligatorisk. Svarprosenten var i 2016 på 100%. Blant anna svarer elevane på spørsmål om trivsel, støtte frå lærarane og mobbing. På nesten alle indikatorane ligg vi over eller likt med dei nasjonale resultata. Skulen har hatt gode resultat

gjennom mange år med omsyn til mobbing. Men i 2014 og 2015 var vi ikkje nøgde med tala. Då hadde vi dårlegare enn landssnittet. Dette var vi ikkje nøgde med.. Vi sette i gong tiltak. Mellom anna har vi utarbeidd eit skjema vi skal bruke på foreldrekonferansane og på elevsamtalet. Her er det spørsmål om trivselen på skulen, og om dei blir mobba eller erta. Skjemaet som vi bruker på foreldrekonferansane, der både foreldre og elevar er med, blir underskrivne av dei og kontaktlærar. Skjemaet blir scanna og lagt inn på elevmappa i ephorte. På denne måten



"No har vi kome på eit nivå som ikkje kan bli lågare av omsyn til elevane sitt læringsutbyte."

kan vi finne ut om det er elevar som ikkje har det bra på skulen, og vi har dokumentasjon om det seinare skal dukke opp klage om at elevar har blitt plaga, og at skulen ikkje har gjort nok med det. Heldigvis så ser det ut til at tiltaka har verka. No ligg vi godt under landssnittet, og det er vi nøgde med.

Medarbeidarar

Kommunen bruker no

medarbeidarundersøkinga 10-faktor. Vi brukte denne i 2016 og no i 2017. Svarprosenten var 74. Greitt nok. Resultata er ganske likt som i fjor. Samanlikna med landet så ligg vi over på dei fleste indikatorane. Vi ligg over eit halvt prosentpoeng over på meistringsorientert leiing og på meistringsklima medan vi ligg 0,3% under landssnittet på oppgåvemotivasjon og nytteorientert motivasjon.

Læring og fornying

Det er ei sterk statleg satsing på å auke kompetansen til lærarane. I 6K er alle skulane med på UIU – ungdomsskulen i utvikling. Dette er nok den største statlege satsing på ungdomstrinnet vi har hatt. I Lom har vi særlag satsa på at kvart årstrinn skal ha kvart sitt tverrfaglege prosjekt. I tillegg arbeider vi med ei omlegging av organiseringa av heildagsprøvene i basisfaga. Vi vil at ein her skal ha som hovudmål at dei skal føre til meir læring for elevane. Dette medfører at ein dempar ned karakterjetaget. Kompetanse for kvalitet er ei svært god ordning for å få lærarar til å ta vidareutdanning. Vi har i dette skuleåret ingen lærar med på det. Men til neste skuleår har ein lærar søkt på norsk 2 og ein annan på Mat/helse. Vi vonar dei kjem med på dette.



Loar skule

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Loar skule			
			Noreg res 2016	Res 2015	Mål 2016	Res 2016
Brukarar	Opplevd kvalitet	Trivsel	4,4	4,4	4,5	4,5
		Mobbing på skulen	1,3	1,1	1,1	1,2 *
		Fagleg rettleiing av lærar	4,4	4,3	4,5	4,5
		Tilfreds med dialog heim-skule	4,4	5,0	4,5	5
Brukarar	Målt kvalitet	Nasjonale prøver 5.steg lesing. Prosentdel på meistringsnivå 1 av 3 nivå.	25,2 %	18 %	10 %	3,7 %
		Nasjonale prøver 5.steg rekning. Prosentdel på meistringsnivå 1 av 3.	22,7 %	32 %	10 %	0 %

* Brot i tidsrekke. Tala kan ikkje samaliknast med tidlegare år grunna nye spørsmål.

Økonomi

Loar skule fekk eit meirforbruk på litt over 200.000 dette året. Dette skuldast blant anna auka bruk av vikarar utan refusjon.

Brukbarar

Elevundersøkinga i 7.klasse er obligatorisk, i tillegg har vi bestemt at 5.klasse også skal vere med på denne. For 2016 er det gode resultat på elevundersøkinga. Ingen av elevane seier at dei har vorte mobba ein eller fleire gongar i løpet av dei siste to månadane. Heller ingen som er mobba digitalt. Dei får god støtte frå lærarane, men vi ser at vurdering for læring ikkje er godt nok



"Ingen av elevane seier at dei har vorte mobba ein eller fleire gongar i løpet av dei siste to månadane."

integrert i skulekvardagen vår. Dette er eitt av tiltaka for kommande skuleår – auke fokuset på vurdering for læring.

Foreldreundersøkinga er ikkje obligatorisk, men vi vel å gjennomføre den kvart år. I år vart svarprosenten på 23,1%, men det har vorte invitert to frå kvar heim, noko som verkar inn på resultatet. Vi plar sende ut ein pr heim, difor hadde svarprosenten vore heilt noko anna om det hadde vore gjort.

I brukarundersøkinga for SFO var svarprosenten på låge 26%. Dei som har svara, er ganske kritiske til Loar SFO. Det einaste vi ligg over landssnittet i er tilfredsheit med opne- og stengjetidspunktet.

Dette er diverre ikkje ein ny tendens. Vi har sett dette før på brukarundersøkingar og har diverre ikkje lukkast med å heve tilfredsheita med SFO.

Vi er ein liten SFO og moglegheitene er noko begrensa når vi blir få barn og det betyr berre ein tilsett. Dette er spesielt på onsdagar når vi kan ha tilbod om heildag SFO for 1. og 2.klasse. Skuleåret 16/17 er det ikkje ope SFO onsdagane, grunna for få påmeldte. For kommande skuleår har vi laga ein betre årsplan og senda ut søknadsskjema i god tid slik at folk kan ha høve til å setja seg betre inn i kva

tilbod vi kan gje.

Elles i veka er SFO ope før og etter skulen. Da kjem og reiser elevane til ulike tider slik at dette gjer det vanskeleg med felles aktivitetar. Denne tida blir difor brukt til det borna vil av aktivitetar dei tilsette har lagt til rette for.

Framover må vi ta innover oss attendemeldingane vi får frå foreldre og arbeide for å betre tilboden på SFO.

Foreldre melder og attende at dei ønskjer et tilbod om mindre timer pr. veke. Da vil det bli meir fleksibelt.

Læring og fornying

Kompetanse for kvalitet er ei veldig god ordning for å vidareutdanne lærarar. Hausten 16 starta ein lærar på vidareutdanning innanfor Norsk 2 som går på særskild norskopplæring.

Hausten 16 vart Loar med i den nasjonale satsinga Ungdomstrinnet i utvikling som Lom ungdomsskule òg er med i. Vi valde å ta med barneskulen for å sjå heile løpet under eitt. Ungdomsskulen valde fokusområde skrivning og da var det naturleg å ta med barneskulen i dette arbeidet.



Kommentarar til nokre nøkkeltal

Lom ungdomsskule

	Lom ungdomsskule								Nasjonalt
	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2016
Elevtal pr. 01.10	105	97	86	76	88	87	86	88	
Tilsette lærarar	18	16	16	17	16	15	15	15	
Kvinner/menn	11/7	11/5	11/5	12/5	11/5	9/6	9/6	10/6	
Assistentar	2	4	2	2	2	2	3	5	
Lærartettleik	11,8	12,2	12,2	12,4	11,4	10,9	11,9	11,1	14,0
Voksenopplæring									
Elevar 31.12		16	26	25	23	20	18	34	
Årsverk		1	1,5	2,0	1,3	2,0	2,0	3,5	

Elevtalet har heldt seg svært stabilt sidan 2011. Det same et talet på lærarar. Ser ein på lærartettleiken, så har han hatt ei auke sidan 2009 med litt under eit årsverk. Frå 2009 og fram til 2013 har vi hatt ei sterk reduksjon av talet på timar til spesialundervisning og hatt som mål at så mange som mogleg skal gå ut av ungdomsskulen med fullverdig vitnemål og dermed høve til å fullføre vidaregåande skule med

- fagbrev. For å få til dette så har vi
- brukta mange delingstimar for å få til
- tilpassa undervisning for ulike typar elevar. Frå 2013 og fram til no har det kome fleire elevar med heilt spesielle behov(diagnosar) som har gjort at vi har hatt ei auke i spesialundervisninga med elevar som har ein til ein undervisning..
- Dette forklarer og auka i talet på assistentar då desse elevane har fått tildelt mange assistenttimar. To av

- assistentstillingane er svært låge.
- Større lærartettleik har og si årsak i at vi har innført arbeidslivsfag og valfag. Her har vi ein del små grupper som sjølv sagt medfører større forbruk av lærarar.
- Voksenopplæring har hatt ei sterk auke i talet på elevar frå 2015 til 2016.
- Årsaka til dette er ar vi byrja med grunnskuleundervisning for vaksne frå hausten 2016.

Loar skule

Indikator og nøkkeltal	Loar skule						Nasjonalt
	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2016-17	
Årsverk for undervisningspersonale	15,3	16,2	18,4	18,6	17,9	58 421,0	
Antal elevar pr. årsverk til undervisning	11,4	11,0	9,1	9,9	10,5	12,1	
Antal assistentårsverk i undervisning	3	4	4	3	3	8 868	
Antal elevar pr. assistentårsverk i undervisning	51,2	40,8	41,6	54,5	66,8	71,0	
Antal assistentårsverk pr. 100 lærarårsverk	20,9	23,7	20,0	16,9	14,1	15,2	
Lærartettleik 1.-7. trinn	11,5	11,1	9,2	10,0	10,6	13,2	
Lærartettleik i ordinær undervisning	15,2	14,5	11,5	12,0	12,5	16,8	
Andel undervisning gjeve av undervisningspersonale med godkjent utdanning	100,0	98,1	100,0	91,1	96,8	95,5	
Lærartimar gjevne til undervisning	10 660	10 529	12 498	12 770	11 875	36 990 466	
Undervisningstimar totalt pr. elev	65	67	82	75	70	59	

Vi ser at vi ligg betre an enn landssnittet på alle nøkkeltal. Dette betyr at vi har betre lærartettleik enn landssnittet.

Loar skule

	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17
Elevtal pr. 01.10	171	166	164	157	153	171	171
Lærar med kontaktlærarfunksjon	12	13	14	12	12	13	14
Talet på lærarar	19	22	17	18	20	24	24

Det er 171 elevar fordelt på 7 klassesteg og 9 klassar. 1. og 7.klasse er fulldelt grunna dei er over 28 elevar.

Utfordringar framover

Lom ungdomsskule

- Leggje til rette for tilpassa undervisning. Skal ein få dette til, så kan ein ikkje ha for store grupper
- Fremje ein vurderingskultur ved skulane, der lærarane ved undervegsverdering av elevne informerer dei om deira faglege ståstad i høve til kompetanseområda i faget. Skulen er no med i UIU – ungdomsskulen i utvikling. Her blir det lagt stor vekt på vurdering for læring og klasseleiing. Vi vil no organisere skrivedagane slik at dei fører til meir læring for elevane. Her vil lærarane vere med på å rettleie elevane under skrivedagen. Gjennom vurderingsarbeidet vonar ein at elevane i større grad tek del i utviklinga av utviklingsarbeidet. Dette trur vi vere med på å auke motivasjonen hos elevane.
- Utvikle bruken av IKT, m. a ved bruk av læringsplattforma Its learning. Skulen bruker og

mange elektroniske hjelpemiddel som t.d. tempolex. Tempolex er eit hjelpemiddel for å få opp leseferdigheita hos elevane. Vi har no mange elevar som no har fått auka sin ferdigheit ved bruk av tempolex. Viktig i leseopplæringa er og at skulen no har to lesertettleiarar. Mange elevar slit med matematikk. Lærarane har vore gjennom ei satsing her – Mattelyst. Her ar det blitt lagt vekt på konkretisering av undervisninga.

- Ein del elevar slit med å få gjort lekser og derfor tilbyr vi leksehjelp etter skuletid.
- Lom har lite fråfall i den vidaregåande skulen. Skal ein halde fram med dette, så må så mange som mogleg fullføre ungdomsskulen med karakter i alle fag. Dette er ressurskrevjande som gjer at ein må ha god lærardekning. Det er eit nasjonalt problem i norsk skule at

mange gutter fell i gjennom. Dette har ein vore klar over i mange år, men lite er blitt gjort for at skulen skal bli meir tilpassa gutter. I snitt så ligg gutane ein heilt år etter jentene i læring ved utgangen av grunnskulen. Når skal ein gjøre noko med dette?

- Skulen har ein del framandspråklege elevar. Vi har lagt stor vekt på at dei skal kome seg gjennom ungdomsskulen med karakterar i alle fag slik at dei kan gå vidare i skulesystemet.
- Det er mange elevar som slit sosialt og psykisk. Vi har gjennom fleire år etterspurd ein sosiallærar. Vi har diskutert om det skal vere ein fells sosiallærar for skulane og barnehagen, men det vi har landa på no, er ar vi ønskjer ein sosiallærar som kombinerer det med å vere lærar slik at denne er tilgjengeleg når vi har behov.

Loar skule

- Skulen har ikkje trådlaust internett i alle klasserom enda, noko som er utfordrande i den digitale kvardagen.
- Å få på plass nok digitalt utstyr, samt kompetanse, slik at elevane har høve til å nå måla i digitale ferdigheter. Dei pc-ane vi har til elevane byrjar blir gamle om må skiftast ut. Å kunne tilby elevane digitale verkty som til dømes iPad i undervisninga er ei målsetjing. Vi manglar enda nokre digitale tavler for at elevane skal ha likt utgangspunkt.
- Vi vil få mangel på engelskkompetanse om nokre år.

Difor er det svært viktig å få lærarar med på etter- og vidareutdanning innanfor dette faget dei nærmaste åra.

- Å integrere dei framandspråklege elevane, samt gje dei eit godt nok grunnlag for å kunne fullføre skulen på vanleg måte.
- Skulen byrjar å bli gammal og det merkar ein på bygningane.
- Trafikksituasjonen kring skulen. Det er utfordrande å finne gode løysingar for dei som må lever og hente borna sine på skulen/SFO. Dette er spesielt vanskeleg i tida 08.30 – 09.00 og 14.40 – 15.00 om dagen.

Populær isbane vinterstid



Lom musikk- og kulturskule - årsmelding

Pr. 31.12.16 hadde Lom musikk- og kulturskule 75 elevar og 89 elevplassar, noko mindre enn året før.
Ei hovudforklaring på nedgongen er svikt i påmelding til formgjeving.
Når talet på elevplassar er høgare enn talet på elevar kjem det av at somme elevar er elev på fleire tilbod, t.d. gitar og song. Ved ledig time og ingen elevar på venteliste, kan same eleven få undervisning på to eller tri instrument/aktivitetar.

Administrasjonen

Lom musikk- og kulturskule er organisert under Loar skule med rektor Anita Hølmo Nestvold som tenesteleiar. Rektor for musikk- og kulturskulen var i vårhavåret Anethe Kleven. I haust overtok Kristbjørn Rossehaug stillinga i vikariat. Særlege grunnar forte til at Kristin Kolden fungerte den siste tida før årsskiftet. Det har såleis vore eit uroleg år reint administrativt. Organiseringa av kulturskulen er no under vurdering (evt. saman med Skjåk). Rektorstillinga er difor for tida som vikariat til det blir avklara korleis kulturskulen skal organiserast i framtida.

Hovudoppgåver

Hovudoppgåvene for Lom musikk- og kulturskule er å fremje eit rikare kulturliv i kommunen ved å gje tilbod om opplæring innafor dei aktivitetane som speglar interessene hjå elevane og som vi har ressursar til å kunna tilby. Skulen ynskjer å både oppretthalde og utvide tilboden, men har ikkje lykkast med det i år. Forslag om ressursar til eit tilbod i opplæring av massinginstrument (korpsinstrument) gjekk ikkje gjennom i budsjetthandsaminga. På den andre sida har interessa for formgjevingsfag i å vore så lita at det ikkje vart formgjevingsgruppe dette skuleåret.

Lom musikk- og kulturskule ynskjer å utvikle og utløyse kreativiteten hjå kvar einskild elev, samstundes som ein legg vekt på å fremje forståing av, oppleving av og interessa for ulike kulturaktivitetar. Det å få Lom musikk- og kulturskule ut til folk er og ei viktig oppgåve. Utanom å spreie glede og hygge, vil vi og på den måten stødfeste posisjonen vår som ein aktiv deltakar i det lokale kulturmiljøet. Målet er vidare å skape eit positivt barne- og ungdomsmiljø ved at elevane får høve



Lærar og elev i aksjon under kulturkveld.

til å vere med på verdifulle aktivitetar i form av det kulturelle opplæringstilboden i musikk- og kulturskulen.

Lom musikk- og kulturskule arbeider no særleg med å innarbeide den nye rammeplanen for kulturskular som kom i haust.

Undervisningsstader

Musikk- og kulturskulen held til i kjellaren i nyfløyen ved Lom ungdomsskule.

Vi har 2 undervisningsrom, eit kombinert rom for undervisning, administrasjon og personalrom, og 2 lager. Her har vi kontor, opplæring på gitar, el- bass, toradar/trekkspele, fele, formgjeving, Keyboard, song og blokkfløyte. Piano held til i musikkrommet på ungdomsskulen.



"Elevane har vore mykje nytta til å underhalde i ulike samanhengar. . ."

Elevar som aktørar ved ymse tilstellingar
 Elevane har vore mykje nytta til å underhalde i ulike samanhengar.

Lag, organisasjonar, kommunen og næringsdrivande vender seg ofte til musikk- og kulturskulen for underhaldning. Det er vi glade for, då det å stå framfor eit publikum er ein viktig og nyttig del av opplæringa.

I løpet av året har elevar deltatt på to felles framsyningar i Utgard: vårframsyninga «Austanfor sol og vestanfor måne» i nært samanbeid med kulturskulen i Skjåk, og ein førjulskonsert i Kulturstugu. Musikk- og kulturskulen har stått for speling ved Helseheimen, Friviljugsentralen og UKM regionmønstring på Otta, for å nemne nokre.

Danseleven har m.a. deltatt på Dansens dag «Tilbake til framtida» i Otta kulturhus med alle kulturskulene i Norddalen, Midtdalen og Vinstra VGS danselinja.

Samarbeid med andre kulturskular

Danseframsyninga i Otta kulturhus har vore eit samarbeid med Midt-Gudbrandsdal, Nord- Gudbrandsdal og Vinstra vgs. i fleire år, som har fungert veldig bra.

Vi har eit tilbod som går på talentutvikling i kulturskulene i Nord-

Gudbrandsdal og Midt-Gudbrandsdal. Prosjektet heiter «Unge Talent», og gjev tilbod om utvida undervisning i spel, samspel, teori/høyrelære o.s.b. av høgt kvalifiserte lærarar. Desse samlingane går føre seg på Vinstra v.g.s. ein laurdag i månaden i 8 månader over to semester. Prosjektet er i fyrste omgang eit 3-årig prosjekt som gjev ulike tilbod kvart år. Frå hausten 2016 har det vore med 2 frå Lom, to massingblåsalar.

Vi har i dag eit visst samarbeid med Skjåk kulturskule. Dette samarbeidet er ved årsskiftet i ein ny fase med vurdering om det kan vera føremålstenleg å slå saman dei to kulturskulane til ein skule. Det er opplagde argument både for og mot ei slik omorganisering, men spørsmålet er ikkje grundig nok utgreidd til at politisk nivå kan ta noka avgjerd enno.

Ei arbeidsgruppe sett saman frå administrasjonen og kulturskulelærarane i dei to kommunane arbeider i tida framover med å kartleggje dette spørsmålet, med det for auga at politikarane i neste omgong kan få eit grunnlag for å vurdere det som sak.

Utfordringar framover

- Ta vare på og vidareutvikle kvalitetane i Lom musikk- og kulturskule.
- Arbeide for å få til meir samspel, samarbeid på tvers av tilboda.
- Auke ressurstilgangen slik at vi kan få til tilbod for fleire brukargrupper, ikkje minst yngre.
- Leggje til rette for kurs og kompetansheving for dei tilsette.
- Arbeide med å innføre ny rammeplan for kulturskulen.
- Vidareutvikle det faglege samarbeidet med andre kulturskular.
- Samordne stillingar med andre kulturskular/ Vinstra vgs. for å få kvalifiserte folk til å undervise.
- Arbeide for å få ei samlande verksamd. Få betre tilgang til rom slik at fleire lærarar kan undervise parallelt i kulturskulen, evt. i kombinasjon med ungdomskulen sine lokale. Dette vil kunna gje større fleksibilitet og samspel, og i tillegg styrke det faglege miljøet for elevar og lærarar. m.a. å få eit betre miljø og gjera det lettare å få til samspel o.a.
- Arbeide for å betra skulelokala med betre lyddemping mellom romma, minst eit undervisningsrom i tillegg og eit eigna personalrom.

Aktivitet	Elevplassar
Dans*	1
Formgjeving**	0
Fele	17
Trekkspel (femradar)	3
Toradar	11
Gitar	15
El-bass	4
Slagverk (trommer)	7
Piano	5
Song	21
Keyboard	3
Blokkfløyte	2
I alt	89
Lærarar med formell utdanning	
Lærarar utan formell utdanning	

Årsverk

*Administrert i samarbeid med og gjennom Skjåk Kulturskule

**For fåe påmeldje i år.

Barnehagane i Lom

Oppgåver og ansvar

Formål

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdets og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.»

(Barnehageloven § 1 Formål)

Ansvar

Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.

Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfulte opplevelser og aktiviteter.

Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske



Det er ikkje mykje som slår ein vasspytt å leika!!

barns språk og kultur.

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskapning og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.

Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å

utjevne sosiale forskjeller.

(Barnehageloven § 2 Innhold)

I ny Rammeplan som skal gjelde fra august 2017 , blir barnehagen sitt helsefremjande ansvar tydlegare enn tidlegare. Større krav til det psykososiale miljøet.

Barnehageloven seier at barn og foreldre skal medverka i barnehagen.

	2012		2013		2014		2015		2016	
	Loar	Garmo								
Avdelingar	5	1	5	1	5	2	5	3	5	3
Barn under tri år	22	5	16	5	24	11	25	16	19	16
Barn over tri år	40	10	45	10	48	15	44	18	51	16
Barn totalt	62	15	61	15	72	26	69	34	70	32

Mål og resultatstyring - måloppnåing

Barnehagane i Lom har hausten 2016 utarbeidd ein overordna pedagogisk plan. Denne inneholder visjon, prioriterte målsetningar , felles pedagogisk plattform for dei tilsette og mål for barn sitt psykososiale miljø.

Det er lagt ned mykje arbeid i denne planen , og alle tilsette har vore involvert og deltagande.

Planen skal vere styrande for alt arbeid i barnehagane , og alle skal kjenne seg forplikta til å følgje opp. Planen skal gjøre det lettare for tilsette å prioritere kva som er viktig i arbeidet , og å vise foreldre og andre kva vi står for i barnehagane i Lom.

Visjonen til barnehagane er:

SAMAN, HER OG NÅ. Det betyr: I barnehagane i Lom skal vi arbeide for at

alle skal vere saman, her og nå.

For oss betyr det at vi skal gripe augeblikk, og leve i stunda. Vi skal sjå og bekrefte barna, og vere tilstade med både kropp og sinn. Det skal vere rom for spontanitet og utforsking, og vi skal skape felles opplevingar. I tillegg til planlagte aktivitetar, skal vi ha opne planar og dermed moglegheit for at barna kan medvirke. Vi skal ha tid til å vere med når barna vil noko her og nå.

Prosesseen saman med barna skal vere det viktigaste. Det krev vaksne som er motiverte, og som tek aktivt del i det som skjer.

Vi skal arbeide for å vere eitt fellesskap, og å vere saman på tvers av avdelingar.

Ansvoaret ligg hjå oss vaksne, og vi må arbeide for å skape gode relasjoner både mellom

- Barn – voksen
- Barn – barn
- Voksen – voksen

Foreldreundersøkinga syner at foreldra opplever at relasjon barn – barn og barn – voksen er god. Barn sin medverknad har ikkje så godt resultat , og målet er at visjonen skal gjøre at det blir større besissheit på det.

Barnesamtaler som skal gjennomførast i vinter /vår skal gje signal om barna oppfattar at det blir arbeid etter visjonen.

Medarbeiderundersøkinga syner at det bør arbeidast meir med relasjonen voksen-voksen i barnehagen.

Målekart og kommentarar

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Barnehagane i Lom			
			Nores res 2016	Res 2015	Mål 2016	Res 2016
Brukarar	Opplevd kvalitet	Relasjon mellom barn og vaksne	4,6			4,7
		Medverknad	4,2			4,3
Medarbeidarar	Opplevd kvalitet	Meistringstru				4,1
		Rolleklarheit				4,1
		Meistringsklima				3,9

Ny brukarundersøkjing (Utdanningsdirektoratet) , nye indikatorar.
Medarbeidarundersøkjing: nye indikatorar frå 10 -faktor

Kommentarar til nokre nøkkeltal

Økonomi

Ingen betydelege avvik. Budsjettjustering i juni knytt til stor innsøking frå nytt barnehageår.

Brukbarar

Godt resultat på brukarundersøking gjennomført i november. Spesielt godt resultat i Garmo barnehage , noko som er veldig positivt med tanke på at fleire som har barn der ynskte plass på Loar som fyrsteprioritet

Medarbeidrarar

Medarbeiderundersøkinga gjennomført i februar viser utilfredsstillande utslag på nokre faktorar for pedagogane.

Dette gjeld særleg oppgåvemotivasjon, meistringstru og meistringsorientert leiing. Barnehagane vil arbeide spesielt med oppfølging av undersøkinga med denne gruppa.

Læring og fornying

Tre pedagogiske leiarar starta på vidareutdanning hausten 2016. Tilrettelagt og finansiert av Utdanningsdirektoratet. 30 studiepoeng, med avsluttande eksamen vår 2017. Alle tek ulike studie: Læringsmiljø og pedagogisk leiing, naturfag og miljø, språkutvikling og språklæring. To andre pedagogiske leiarar deltek på ei etterutdanning knytt til barns



"Tre pedagogiske leiarar starta på vidareutdanning hausten 2016."

språkutvikling og språkarbeid i barnehagen.

Dette er tilrettelagt av 6K oppvekst i regi av Høgskolen i Hedmark og pågar barnehageåret 2016/2017. Alle desse tiltaka inneber utviklingsarbeid i eigen barnehagen, slik at det fører til læring og fornying for fleire i personalgruppa.

Kommentar til KOSTRA-tal

Behovet for barnehageplassar har auka dei siste åra. Dette kjem mest av at andel av 1 –åringar som ynskjer plass har vorte betydeleg større. Tilbodet i Garmo vart utvida frå nyttår 2016, og ytterlegare frå hausten.

Flyktningar aukar også behovet for plassar.

Kosta-tal viser at ressursbruken i barnehagen har stabilisert seg på eit nivå under landssnitt. Låg høgt for få år sidan, og det merkast at det er mindre å gå på når det gjeld bemanning.

Barnehageåret 2016/2017 er det 14 minoritetsspråklege barn i barnehagen. Desse krev meir resursar , og barnehagen fekk frå hausten integreringsmidlar tilsvarande ei 40 % pedagogstilling til ekstra språkstimulering for desse.

Utfordringar framover

Utviklinga med stadig fleire småbarn held fram , og behovet for plassar aukar. Frå hausten må det oppretta nye plassar tilsvarande ei avdeling for å få inn alle søkjarane. Dette er tenkt løyst med å tilrette for ei avdeling med meir fokus på natur/friluftsliv og aktivitet i Garmo.

Dette er ei fin moglegheit til å få til eit litt alternativt tilbod , som etter kvart kan bli aktuelt og attraktivt for fleire.



"Det er lite mannlige tilsette i barnehagane , og det bør takast omsyn til i rekruttering i nye stillingar."

Det ligg godt til rette for eit slik tilbod i Garmo med stort og variert utearel, mange moglegheiter i nærområde og gymsal. Nytilsett styra i Garmo har

også mykje kompetanse og erfaring med barnehagedrift med slik fokus.

Mange minoritetsspråklege barn i barnehagen, skapar nye utfordringar. Tilsette kjenner på at dei ikkje alltid har nok kunnskap og kompetanse når det gjeld å møte desse på ein god måte.

Det er lite mannlige tilsette i barnehagane , og det bør takast omsyn til i rekruttering i nye stillingar.

Helse og velferd

Oppgåver og ansvar

Etter helse- og omsorgsloven:

Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om naudsynte helse- og omsorgstenester. Dette omfattar alle pasient- og brukargrupper, herunder personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne (Jfr. helse- og omsorgsloven § 3-1).

Etter Folkehelseloven:

Kommunen skal fremje befolkninga si helse, trivnad, gode sosiale og miljømessige forhald og bidra til å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, bidra til utjamning av sosiale helseforskjellar og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa.



Ny ambulansestasjon vart teken i bruk i 2016

Kommunen skal fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemeldar kommunen er tillagt, herunder ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting.

Kommunen skal medverke til at helsemessige omsyn blir ivaretake av andre myndigheiter og verksemder. Medverknad skal skje blant anna gjennom råd, uttaler, samarbeid og deltaking i planlegging. Kommunen skal legge til rette for samarbeid med friviljug sektor (Jfr. Folkehelseloven § 4).

Målekart og kommentarar

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Helse og velferd			
			Noreg res 2016	Res 2015	Mål 2016	Res 2016
Brukarar psykisk helsearbeid	Opplevd kvalitet	I kor stor grad opplever du at tenesta bidreg til at du får eit meir aktivt liv		3,6	3,6	3,9
		I kor stor grad opplever du at tenesta bidreg til auka tryggleik?		3,6	3,5	3,8
		I kor stor grad behandlar dei tilsette deg med respekt?	3,8	3,8	4,0	3,9
Brukarar helse- stasjon	Opplevd kvalitet	I kor stor grad føler du at du kan ta opp vanskelege tema med dei tilsette på helsestasjonen?	5,0	4,6	4,5	4,6
		I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette møter deg og barnet ditt med vennlegheit og respekt?	5,7	5,5	5,3	5,3
		Korleis opplever du moglegheita for å få kontakt med helsestasjonen (telefon, fysisk oppmøte, e-post o.l.)?	5,3	5,0	4,7	4,5
Brukarar ergoterapi	Opplevd kvalitet	I kor stor grad tykkjer du at du har fått det betre med det du trengte hjelp til?	5,1	*)	5,1	*)
		I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette behandlar deg med respekt?	5,6		5,6	
		I kor stor grad tykkjer du at ventetida for å få ergoterapi er akseptabel?	4,9		4,9	
Brukarar fysioterapi	Opplevd kvalitet	I kor stor grad tykkjer du at du har fått det bedre med det du trengte hjelp til?	5,1	5,1	5,1	5,3
		I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette behandlar deg med respekt?	5,6	5,8	5,6	5,8
		I kor stor grad tykkjer du at ventetida for å få fysioterapi er akseptabel?	4,9	4,8	4,8	4,8

* For få svar både i 2015 og 2016 på området ergoterapi

Mål og resultatstyring - måloppnåing

Økonomi

Totalt sett kom helse- og velferd ut med eit mindreforbruk på 1.645.700 – da er også «ikkje-budsjettet» utgift til sysselsetningsgruppa på 254.000 dekt opp for, slik at det reelle mindreforbruket var på ca. 1,9 mill.

Kommentar til dei største avvik i høve budsjett 2016;

- *Regionale helsesamarbeid* – totalt overforbruk i høve budsjett 2016 vart på ca. 180.000 – av dette ca. 130.000 på området legevakt og legevaktsvarsling og ca. 50.000 på intermediære senger/ø-hjelppassenger.
- *Sysselsetningsgruppa* – «dei gode hjelperne» – Skjåk er vertskommune – ikkje budsjettet noko i 2016 – skulle vera sjølvfinansierande – men Lom kommune sin andel av utgiftene vart på ca. 254.000

- *NAV*- Totalt sett eit overforbruk i høve budsjett på ca. 210.000 Av dette 110.000 til ekstra ressursar innan administrasjon/sakshandsamaning og ca. 100.000 til kvp (kvalifiseringspengar).

Barnevern – Totalt sett eit overforbruk i høve budsjett på ca. 105.000. Store innsparinger på fosterheimsutgifter i høve budsjett, men store utgifter til tiltak i familien og til kjøp av tenester frå private (juridisk bistand og sakskyndigutgifter i samband med fylkesnemndsak).

Flyktingtenesta – Totalt sett eit mindreforbruk på ca. 2,6 mill. Av dette utgjer integreringstilskott for busette flyktningar og familiegjenforeiningar ca

1.7 mill. i meirinntekter i høve budsjett.

Brukarar (Sjå målekart)

Brukarundersøkjingane er under utsending og resultata er difor ikkje klare enno.

Barnevern og økonomisk sosialhjelp

(Nav) er tenester vi har felles med Skjåk, der Skjåk kommune er vertskommune. I 2016 har ikkje Skjåk gjennomført brukarundersøkjingar for desse tenestane.

Psykisk helsearbeid – felles teneste med Skjåk – Lom er vertskommune: Gjennomført brukarundersøkjing i 2015. Resultat for 2015 er likt med målet på eit spørsmål (I kor stor grad opplever du at tenesta bidreg til at du får eit meir aktivt liv?), medan det er litt under målet på 2 spørsmål (I kor stor grad behandler dei tilsette deg med respekt?) og (I kor stor grad opplever du at tenesta bidreg til auka tryggleik?) På alle dei andre spørsmåla er resultatet som landssnittet.

Helsestasjon: Resultatet i 2015 er betre enn i 2014. Det var også tilfelle i 2014 i høve 2013. Vi antyda i fjor at dei grep/tiltaka som vart gjort etter gjennomgang av undersøkjinga i 2013 hadde verka. Resultatet i år understrekar dette og at det

er ei god utvikling av brukartilfredsheita.

Skulehelsetenesta: Ny undersøkelse i 2014 – snitt totalt litt over landssnittet. I 2015 er det for få svar til at resultatet kan brukast.

Ergoterapi: For få svar til å brukast.

Fysioterapi: Resultatet i 2015 litt under målet på to spørsmål (I kor stor grad tykkjer du at du har fått det betre med det du trøng hjelp til?) og (I kor stor grad tykkjer du at ventetida for å få fysioterapi er akseptabel?), men over målet på spørsmålet (I kor stor grad stor grad behandlar dei tilsette deg med respekt) Resultatet i 2015 ligg i snitt litt under landssnittet.

Medarbeidarar

Ny undersøkjing – 10-faktor vart teke i bruk fyrste gong i 2016 og sendt ut på nytt nå i 2017. Svarprosenten i 2016 var 78%, medan den i 2017 berre er på 33%. Dette er altfor for få svar.

Resultata i 2017 var totalt sett relativt likt året før (litt betre enn året før 0,3 totalt sett), men ligg generelt i snitt noko under landssnittet .



Utfordringar framover

Rekneskapstal for 2016 viser at utnyttinga av dei intermediære sengeplassane er høg (89 %) – fordelinga mellom kommunane: Sel 55%, Vågå 31%, Lom 9%, Skjåk 4%, Dovre 1%, Lesja 0%.

Det knyter seg framleis spaning til kva som vil koma ut av prosessen mellom SI og kommunane i regionane Valdres og Nord-Gudbrandsdal om utvikling av dei distriktsmedisinske sentra på Fagernes og Otta. Stikkord: bruk av innovative løysingar knytta til E-helse og telemedisin er ein føresetnad for god samhandling/ at det bør vera ein struktur for kompetansehevande tiltak og gjensidig erfaringsutveksling (hospiteringsordningar, videokonferanser, gjennomføring av lærings- og mestringstenester)/at det ved vurdering av desentralisering (poliklinikk), må ein i pasientgrunnlaget ta med dei som pr. i dag blir henvist til privatpraktiserande spesialistar (ikkje minst øyre-nase-hals, urolog, auge, hud, kardiolog).

Frå april 2016 vart det innført endring av regional legevakt. Bakvakt i Lom/Skjåk og Lesja/Dovre gjekk ut og det vart innført ei bakvakt/sekundærvakt i heile regionen. Ordninga er nå under evaluering.

Gjennom det regionale helsesamarbeidet



Kommunalsjef Bjørn Bakke med kake i høve opning av ambulansestasjon

med koordinator i samfunnsmedisin (Hege Lorentzen) i spissen, har det også i 2016 vorte utarbeidd fleire planar/handlingsplanar/ prosedyrer:

- Handlingsplan og prosedyrer mot vold i nære relasjoner
- Plan og prosedyrer for psykososial oppfolging ved kriser, katastrofer og ulykker
- Smittevernplanar og -prosedyrer i Nord-Gudbrandsdal
- Planverk for beredskap (overordna plan, plan for informasjon og krisekommunikasjon EPS (etterlatte- og pårørande-senter)
- Handlingsplan mot radikalisering og voldeleg ekstremisme.

I samarbeid med regional ruskoordinator er det utarbeidd Ruspolitisk handlingsplan og alkoholpolitiske retningsliner.

I samarbeid med regional kreftkoordinator er det utarbeidd Handlingsplan for kreftomsorgen. I 2016 vart det busett i alt 26 flyktningar (både ordinært busette/familie-gjenforeinte og fødte i Lom). Lom kommune skulle også etter planen buserja fem einslege mindreårige i 2016 og fem i 2017, men seinhaustes 2016 kom det melding frå IMDI/UDI om at dette ikkje

vart noko av.

2016 har vore eit år med mykje byggeaktivitet innan helse- og velferd.

- Bygging av ny ambulansestasjon kom i gang i januar og vart teke i bruk i juli-2016.
- Bygging av 2 nye bustader til flyktningar/vanskelegstilte vart ferdigstilte i september-2016.
- Detaljprosjektering av nytt helsecenter var ferdig våren 2016 og ombygginga kom i gang i slutten av oktober-2016 og skal etter planen vera ferdig i utgangen av mars-2017.



"Dei tilsette i helse- og velferd har vist stor fleksibilitet og innsatsvilje"

Før oppstart av ombygginga vart alle tenestane på helseenteret, legenesta, helsestasjon, jordmor og fysioterapi flytta til mellombelte lokalar – fysioterapien til underetasjen på gamle Loar – resten i 3. etasjen i midtbygget på helseheimen (gamle fødeavdelinga). Etter påske 2017 startar arbeidet med å bygge om 3. etasjen i midtbygget der fysio- og ergoterapi skal flytte inn til sommaren.

Dei tilsette i helse- og velferd har vist stor fleksibilitet og innsatsvilje i prosessen med flytting til mellombelte lokalar og med god hjelp frå IT, vaktmeisterteamet og Lom IL har dette gått fint.

I årsmeldinga for 2013 skrev vi; Helsesyster/helsestasjon si oppleving av at stadig fleire barn og unge har behov for oppfølging på grunn av psykiske lidningar er signal som må takast på alvor. Stoda 1 år etterpå var uendra; Trass i sterke statlege foringar og auka ressursar inn i rammeoverføringa både i 2014, 2015 og 2016 fekk ikkje helsestasjon auka ressursar i budsjettbehandlinga. Stoda ved årsskiftet 2016/2017 var også uendra.



- **IMDI:** Integrerings- og mangfalldirektoratet
- **UDI:** Utlandingsdirektoratet
- **EPJ:** elektronisk pasientjournal
- **e-helse:** Bruk av IKT for å forbetra effektivitet, kvalitet og sikkerhet i helse- og omsorgssektoren.
- **Telemedisin:** er undersøking, overvåking,

- behandling og administrasjon av pasientar og opplæring av pasientar og personale med hjelpe av system som gjev tilgang på ekspertise og pasientinformasjon uavhengig av kvar pasienten og kompetanse er geografisk plassert
- **SI:** Sjukehuset Innlandet

Pleie og omsorg



Oppgåver og ansvar

Dokumentet «Kvalitetsstandardar for pleie- og omsorgstenesta i Lom kommune» bidreg til å skape ei felles forståing for nivået på tenesteytinga med bakgrunn i myndigheitskrav, politiske prioriteringar samt vektlegging av etiske og tverrfaglege vurderingar og fagleg forsvarlegheit.

Lom helseheim skal yte heildøgns pleie- og omsorg ved langtids-, korttids-, rehabiliterings- eller avlastningsopphald. Tenestene vert tildelt etter BEON-prinsippet. Til grunn for tildeling, ligg individuell kartlegging og tverrfagleg vurdering. Under opphaldet, får pasientane tilbod om legetilsyn, tannlegetilsyn, aktivisering og sosiale- og kulturelle arrangement. Kjøkenet lagar

næringsrik mat til pasientar i institusjon, til pasientar på bygda som har fått tildelt matombringning og til kantinene på Lom helseheim og Lom ungdomsskule.

Miljøarbeidartenestene skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får nødvendige helse- og omsorgstenester som helsetenester i heimen, personleg assistanse, praktisk bistand og opplæring, individuell plan, omsorgsløn, støttekontakt og avlastningstiltak til personar og familiær med særleg tyngjande omsorgsarbeid. Tenesta har i tillegg ansvar for Lom Arbeidssenter som gjev arbeids- og aktivitetstilbod til menneske med ulike bistandsbehov. Til grunn for tildeling, ligg individuell kartlegging og tverrfagleg vurdering.

Heimetenestene (heimesjukepleia og heimehjelpene) skal bidra til at eldre og personar med funksjonssvikt kan få bu og virke i eigen heim så lenge det er fagleg forsvarleg. Heimetenestene gjev tilbod om helsehjelp og praktisk hjelp i heimen i tillegg til dagsentertilbod for heimebuande personar med demenssjukdom, tryggleiksalarm og matombringning. Til grunn for tildeling, ligg individuell kartlegging og tverrfagleg vurdering.

Pleie- og omsorgssektoren har personar på språkpraksis og har kvart år undervisning/opplæring for elevar, studentar og lærlingar som har praksis i sektoren.

Mål og resultatstyring - måloppnåing

Økonomi

Sett heile pleie- og omsorgssektoren under eitt, er det ei innsparing på nesten 1,8 mill.

Pleie- og omsorgstenesta har hatt utgifter i samband med overgang til mobilt bedriftsnett og dermed utskifting av telefonar.

Det har vore overforbruk i høve til utbetalingar i omsorgsløn. Dette skuldast administrative vedtak.

Institusjonen (sjukeavdelingane og skjerma avdeling) hadde ei innsparing på vel 500 000 kr, trass ein rammereduksjon

på 1 mill. kr. Dette skuldast mellom anna meirinntekt på langtidsopphald og refusjonar frå staten i høve til det som var budsjettert. Det har vore eit overforbruk i høve til medisinsk forbruksmateriell. Dette kan skuldast at pasientar har større medisinske utfordringar, noko som er i tråd med intensjonane i samhandlingsreforma. Institusjonen hadde utgifter til vikarbyrå i ei periode med låg sjukepleiardekning (3 sjukepleiarar ute i svangerskapspermisjon). Institusjonen har hatt overforbruk i høve til overtid. Dette

skuldast mellom anna låg vikartilgang. I samband med at institusjonsvaskeriet vart lagt ned og ein måtte kjøpe alle vaskeritenestene frå Lom vaskeri, fekk vi auka utgifter til vask av privatklede kombinert med prisoppgang.

Heimesjukepleia hadde eit overforbruk på om lag 200 000 kr. Dette skuldast hovudsakleg utgifter til kjøp av tenester frå Skjåk; heimesjukepleie og praktisk bistand.

Miljøarbeidartenesta har hatt vel 900 000 kr i innsparing. Dette skuldast innsparing i fastløn og refusjonar og tilskot.

Brukarar

Vi fylgjer BEON-prinsippet i tildeling av tenester, jf. Omsorgsplan for Lom kommune 2011-2020, der det skal vera samsvar mellom pasienten sitt behov og tenestetilbodet.

Helse og velferd og pleie- og omsorgssektoren tok initiativ til og gjennomførde hausten 2015 ein drifts- og ressursgjennomgang ved hjelp av ekstern konsulent grunna for høg ressursbruk innan pleie- og omsorg. Det har vore kjent lenge at ressursbruken i institusjonsbaserte tenester er altfor høg og at det er både ynskje og behov for å vri ressursbruken frå institusjonsbasert teneste til heimebaserte tenester. Det vart utarbeidd ein framdriftsplan for omstillingssarbeidet.

Viktige tiltak for omstilling med oppstart i 2016 var:

1. Nye reglar for avspassering iverksett frå 01.01.2016
2. Samanslåing av miljøarbeidartenestene i helse og velferd og pleie og omsorg til felles miljøarbeidarteneste i pleie- og omsorgssektoren, februar 2016,

med ny og samordna turnus, med tilsetjing av to nye avdelingsleiarar i kvar si 40 % stilling, overtaking av heimehjelpsoppgåver tilsvarende 20 % stilling og heimesjukepleieoppgåver tilsvarende 40 % stilling på kveldstid, etablering av ny personalbase, tilrettelegging av uteareal, tilpassing av ny bustad og flytting av brukar.

3. Demensplan for Lom kommune 2016-2020, vedteken februar 2016
4. Oppstart Eldreomsorgens ABC, studiering med deltaking frå 4 tilsette i heimesjukepleia og 4 tilsette i institusjon.
5. Avslutta finansiering frå PO for leige av buss og transport til og frå dagaktivitetstilbod på Lom helseheim i regi av Lom helselag, frå mars 2016.
6. Innføring av multidose i heimetenestene frå mai 2016.
7. Vurdering av heimehjelpsvedtak og heimesjukepleivedtak med fokus på tildeling etter behov for helsehjelp – kontinuerleg prosess.
8. Ferieavvikling etter Arbeidsmiljølova der ein reknar heile vakter og ikkje dagar, 01.01.2016.
9. Lokal avtale som inneber godtgjering

på 1200 kr/vakt for å arbeide ekstra helg om sommaren, vart ikkje vidareført i 2016.

10. Vaskeriet ved Lom helseheim vart lagt ned 1. august 2016. Det vart inngått avtale med Lom vaskeri for alt reinhald av klede frå PO; arbeidsklede, institusjonsklede og pasientklede. Personalressursen frå vaskeriet på 40 % stilling vart overført til skjerma eining.
11. Det vart starta opp og gjennomført arbeid med vurdering av bustadmasse og bygging av nye heildøgns omsorgsbustader knytt til institusjonen og på Lien- tomta (bustadgruppe) og på grunnlag av arbeidet til bustadgruppa vart det gjennomført eit skiseprosjekt..
12. Prosessen med nedlegging av avdeling 3 og funksjonsinndeling av institusjon starta opp hausten 2016.
13. Prosessen med utarbeiding av nye døgnrytmeplanar og bemanningsplanar i heimesjukepleia og institusjon starta opp hausten 2016, dette arbeidet vart ein del forsinka, oppstart nye turnusar 09.01.2017. 

Læring og fornying i pleie og omsorg:

Tildelingskontoret tok i bruk sakshandsamingsmodulen i Profil, møtebehandling, som gjer det oversiktleg for medlemane i vurderingsmøtet å gjøre seg kjend med sakene som skal opp til vurdering på førehand.

Lom helseheim deltek framleis i SAM-AKS-prosjektet som er eit samarbeidsprosjekt med



"Gjennom Veilederen.no, gjennomførde og bestod tilsette i PO 546 kurs i 2016."

spesialisthelsetenesta i høve til personar med demenssjukdom. Prosjektet omhandlar også forsking. Vi får gjennom prosjektet relevant undervisning i demenssjukdomar, regelverk, kartlegging, holdingsplanar og pasientretta rettleiing

frå spesialisthelsetenesta. Deltaking i prosjektet bidreg til kvalitets- og kompetanseheving og bidreg difor til eit betre tilbod til pasientar med demenssjukdom og deira pårørande.

Fire tilsette i institusjon og fire tilsette i heimesjukepleia deltek i studiering, Eldreomsorgens ABC, i regi av USHT og Fylkesmannen.

Miljøarbeidartenesta samarbeider tett med Habiliteringstenesta.

Alle tilsette i pleie- og omsorgssektoren nyttar e-læring aktivt som kompetansefremjande tiltak.

Gjennom Veilederen.no, gjennomførde og bestod tilsette i PO 546 kurs i 2016.

Alle tilsette nyttar kvalitetsportalen på intranett og avviksmeldingar går digitalt.

Møtereferat vert lagt i referatsamling for pleie- og omsorgssektoren på intranett.

Sjukepleiarane nyttar elektronisk meldingsutveksling i kommunikasjon med legane, spesialisthelsetenestene og andre kommunar.

Lom helseheim innførde multidose i februar 2015 som tiltak for å heve kvaliteten på legemiddelhandteringa, i vareta pasienttryggleik og frigje sjukepleietid. Heimetenestene heimesjukepleia og miljøarbeidartenesta innførte multidose frå mai 2016.

Dei fleste innkjøpa i sektoren vert gjort digitalt.

Administrasjonen nyttar tidsregistrering gjennom wintid.



- **HMT(HMS):** helse-miljø-tryggleik
- **PO:** Pleie og Omsorg
- **EPJ:** elektronisk pasientjournal
- **USHT:** utviklingsenter for heimetenester
- **SAM-AKS:** samhandling mellom alderspsykiatrisk avdeling og kommunale sjukeheimar
- **BEON-prinsippet:** Effektivitet er knytt til prinsippet om beste effektive omsorgsnivå Det mest effektive nivået skal stå for førebygging, omsorg og handsaming av sjukdom.

USHT-prosjektet felles USHT-koordinator i lag med Skjåk vart avslutta i 2016.

PO søkte og fekk midlar (68 185 kr) gjennom UHT for gjennomføring av prosjektet «Sykkelglede». Vi utarbeidde prosjektplan for bruk av Motivew i pleie- og omsorgssektoren og prosjektet starta opp i september 2016. Målgruppa var bebuarar i institusjon, omsorgsbustad og miljørarbeidartenesta.

Ny leiar i heimesjukepleia tilsett hausten 2016.

Leiar institusjon har hausten 2016 vore konstituert, fram til ny leiar tok til etter nyttår 2017.

To tilsette har gjennomført og bestått fagprøva for helsefagarbeidarar.

Det vart starta opp arbeid med å lage uteplass utanfor avdeling 2. Arbeidet vert starta opp og fullført til våren.

Alle tilsette fekk opplæring i nytt turnusprogram «Min vakt» med oppstart 010117.

Det vart gjennomført 4 felles personalmøte for tilsette i PO. Tema for personalmøta var:

070116: snorkypping i høve til samanslåing til ei miljørarbeidarteneste, orientering om ny turnus i miljørarbeidartenesta, gjennomgang av kommunen si etiske plattform, presentasjon av 10-faktor medarbeidarundersøking, presentasjon av framdriftsplan for omstilling som var

vedteken i 151215

140316: presentasjon av ny medarbeidarundersøking – 10-faktor medarbeidarundersøking, video v/Linda Lai

290816: arbeidstidsordningar videokonferanse v/Øyvind Johnsen i RO

311016: HMT; lovverk, arbeidsmiljø og systematisk HMT-arbeid v/ GBHT Gitte Bertelsen

Institusjonen har gjennomført to brannøvingar og heimetenestene har gjennomført ei brannøving. Arbeidsgjevar tilbaud kurs i bruk av hjartestartar for sjukepleiarar og vernepleiarar i PO. PO fekk hjartestartar hjå Støttegruppa for Lom Sjukebil.



Gild skyss med den elektriske rickshawsykkelen!



Overlevering av hjartestartar.

Målekart og kommentarar

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator
Brukarar heimebasert omsorg	Opplevd kvalitet	Eg får den hjelpa eg treng slik at eg kan bo heime
		Dei tilsette veit kva dei skal gjere når dei kjem heim til meg
	Målt kvalitet	Eg veit kva som står i vedtaket mitt

Gjennomsnittleg tilfredsheit pr. dimensjon:
snittet for heimetenestene i Lom ligg over snittet i Norge for alle dimensjonane, med lågaste snitt i Lom for dimensjonane respektfull behandling, brukarmedverknad og informasjon.

Respektfull behandling:
Gjennomsnittleg tilfredsheit pr. spørsmål: I spørsmåla ligg snitt Lom over snitt Norge, men for spørsmålet om nye tilsette viser legitimasjon når dei kjem, ligg snitt Lom under landssnittet.

Brukarmedverknad:
Gjennomsnittleg tilfredsheit pr. spørsmål:

Noreg res 2016	Pleie og omsorg		
	Res 2015	Mål 2016	Res 2016
5,3	5,8	5,8	5,8
5,3	5,8	5,8	5,8
4,5	4,7	4,7	4,7
5,2	5,6	5,6	5,6

I spørsmåla ligg snitt Lom over snitt Norge, men for spørsmålet om «jeg er med når det utarbeides planer som angår meg», ligg snitt Lom under landssnittet.

Informasjon:
Gjennomsnittleg tilfredsheit pr. spørsmål: For alle spørsmåla, ligg snitt Lom over landssnittet.

Kommentar til KOSTRA-tal

Lom ligg nesten 7 mill kroner over KOSTRA-gruppe 3 i høve til netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner for pleie- og omsorgstenester. Årsaka kan ligge i at Lom kommune ikkje har ei

differensiert pleie- og omsorgsteneste , men ei institusjonsbasert drift.

Sektoren er inne i ein omstettingsprosess med dreing frå institusjonsbaserte

tenester til heimebaserte tenester og det vil ta tid før ein ser resultatet av dette. Full effekt vil ein truleg ikkje kunne få før ein har fått heildøgns omsorgsbustader på plass.

Brukundersøking 2016:

Heimesjukepleia	83	10	12
Heimehjelp	65	16	25
Heimetenevestene (= heimesjukepleie + heimehjelp)	148	26	18
Institusjon:	31	10	32

Planlagde svar	Svar	Svarprosent
83	10	12
65	16	25
148	26	18
31	10	32

Utfordringar framover

Fleksibelt og driftseffektivt tenestetilbod. Manglar differensiert tilbod – omsorgstrapp. Manglar heildøgns omsorgsbustader for eldre og ungdomar og tilrettelagde bustader i miljørarbeidartenesta. Dreie tenestene frå institusjonsbaserte tenester til heimebaserte tenester. Mangel på trygge og tilgjengelege uteareal for bebuarar på Lom helseheim.

Jfr. intensjonane i samhandlingsreforma: kommunane får ansvar for pasientar med omfattande helse- og omsorgsbehov (komplekse behandlingsopplegg som t.d.

dialyse, smitte, intravenøsbehandling, palliasjon, demenssjukdom med psykiatrisk tilleggsproblematikk, rus og psykiatri).

Stort kompetansebehov i sektoren; vidaregåande nivå og høgskuleutdanna; m.a. geriatri og demens, rehabilitering, miljøbehandling, rus, psykiatri, IKT. Vanskår med å rekruttere kompetanse i vikariat og faste stillingar, og å vedlikehalde kompetanse.

Større leiartettleik; krevjande å vera leiarar i sektoren i høve til storleik,

lovkrav, personaloppfølging/-utfordringar, døgnkontinuerleg drift og pasientutfordringar, kvalitetskrav (jf. ny forskrift om «ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten» frå 01.01.2017.)

IKT og velferdsteknologi.



"Vanskår med å rekruttere kompetanse i vikariat og faste stillingar, og å vedlikehalde kompetanse."



Dialogkonferanse ved pleie og omsorg.



Hanne E. Bakken - ein humørspreiar!



NRK laga reportasje om Rickshwassykken - her kyndig kjørt av Tor Arne Sandviken

Miljø, teknisk, næring(MTN)



Oppgåver og ansvar

MTN (Miljø, teknisk, næring) har ansvar for planarbeid, miljø- og naturforvaltning, næringsutvikling, landbruksforvaltning, tekniske

tenester innan veg, vann, avlau og renovasjon, vaktmesterteneste, reinhald, byggeskahandsaming, kart- og geodataforvaltning, generell beredskap

og førebygging mot naturskade og ulykker. «Lom nasjonalparklandsby» er avslutta som prosjekt og er no over i ei driftsperiode.

Mål og måloppnåing

Framlegg til kommuneplanens samfunnsdel var ute til offentleg ettersyn fram til 22. januar 2016, og revidert samfunnsdel vart vedteken av kommunestyret 27. oktober 2016.

Kommunal planstrategi for perioden 2016 – 2019 vart lagt ut til offentleg ettersyn hausten 2016. Planstrategien gjer greie for viktige utviklingstrekk og utfordringar, og prioritærer kva for av kommunens planar som skal reviderast i inneverande kommunestyreperiode. Planstrategien vart vedteken av kommunestyret 27. oktober 2016.

1. gongs høyring av kommunedelplan for Fossbergom vart gjennomført i 2015. Både NVE og Fylkesmannen i Oppland kom med motsegn til planframlegget både knytt til flaum i industriområdet og knytt til flaum i mindre sidevassdrag. Totalt var det 7 motsegner til høyringsframlegget frå regionale planmyndigheter. Konsulentfirmaet Hydrateam AS utarbeidde ein tilleggsrapport om overvassflaum i industriområdet (bak elveforbygninga), dette arbeidet pågjekk sommaren/

hausten 2016. 2. gongs offentleg ettersyn av planframlegget er venta gjennomført i 1. halvår 2017.



"Rehabilitering av symjebassenget vart endeleg igangsett"

Nasjonal skredfarekartlegging syner at store delar av busetnaden i Lom ligg innanfor aktsemråde for snøskred, jord- og flomskred. Våren 2016 gjennomførte konsulentfirmaet SGC snøskredkartlegging med synfaring av alle område i kommunen med heilårs busetnad. Kartlegginga var i hovudsak finansiert av skjønnsmidlar frå Fylkesmannen i Oppland. Rapporten etter kartlegginga viser at aktsemråde for snøskred er vesentleg mindre enn i dei nasjonale aktsemeskarta som hittil har vore tilgjengeleg.

Det kommunale trafikksikringsutvalet har våren 2016 teke opp arbeidet med å

revidere trafikksikringsplanen for Lom kommune. Som eit ledd i dette arbeidet var Oppland fylkes trafikksikringssutval på synfaring i Lom i mai 2016.

Leirmo reinseanlegg vart nedlagt i desember 2016 etter at det vart bygd avløpsleidning med overføring av avløpet til Galdesand reinseanlegg.

Rehabilitering av symjebassenget vart endeleg igangsett. Ferdigstilling april 2017. Rehabilitering av Lom Helsecenter kom i gang i oktober. Ny ambulansestasjon kom på plass ved Lom helseheim. Loarområdet med gangveg ned til Utgard vart fornya. Ved Garmo oppvekstsenter, Loar skule og i Eggjalia vart nye brannalarmanlegg ferdigstilt.

Aktiviteten på næring og landbruk står nærmere omtalt under kapittelet «kommunen som samfunnsutviklar» på side 12.

Målekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Miljø, teknisk, næring			
			Noreg res 2016	Res 2015	Mål 2016	Res 2016
Brukarar	Opplevd kvalitet	Byggjesak	4,2	5,0	5,0	4,8
		Generell oppleveling av kvalitet, byggjesak	4,3	5,0	5,0	5,3
		Vasskvalitetet og vasstrykk	4,9	5,5	5,0	5,3
		Funksjon på avlaupssystemet	5,1	5,3	5,0	5,7
		Vatn og avlaup tillit og respekt	5,2	5,5	5,0	5,5
		Vatn og avlaup, service og tilgjenge	4,5	4,9	5,0	5,1
		Vatn og avlaup, informasjon	5,1	4,9	5,0	4,7
		Renhaldstenesta leverer tjenester av god kvalitet	4,7	4,7	5,0	5,3
Brukarar	Målt kvalitet	Vaktmestertenesta leverer tjenester av god kvalitet	5,0		5,0	5,4
		Andel vassprøver som tilfredsstiller krav i forskrift	100,0	100 %	99 %	
		Andel avlaupsprøver som tilfredsstiller krav i forskrift	99 %	100 %	98 %	
		Avklaring av forventning	15 %	50 %	15 %	
Ressurs-styring	Prioritering	Andel tenestestader med serviceerklæring	100 %	100 %	100 %	
	Sjølvkostrekneskap vatn, dekningsgrad	Sjølvkostrekneskap avlaup, dekningsgrad	100 %	100 %	100 %	
	Sjølvkostrekneskap renovasjon, dekningsgrad	Sjølvkostrekneskap feiring, dekningsgrad	100 %	100 %	100 %	
			100 %	100 %	100 %	

Økonomi

Brukabar

Brukundersøkingane har gjennom ei årrekke stADFesta god kvalitet på byggesaksbehandling, kommunaltekniske tenester, vaktmestertenester og reinhald.

Medarbeidrar

Tenesteområdet Miljø, teknisk, næring er prega av eit godt tverrfagleg samarbeid. Dei ulike fagområda og tenestene innanfor området har til saman ei fagleg

breidde som gjer det mogleg å oppfylle målsettingane om eit godt tenestetilbod knytt til ressursforvaltning i ein liten kommune.

Stillinga som kommunalsjef på MNT er framleis vakant, administrasjonssjef Ola Helstad har hatt leiaransvaret for MTN sidan 2015.

Læring og fornying

Som ein del av Byregionprogrammet/prosjektet «By og fjell – moderne bosetting som grunnlag for utvikling og verdiskaping» vart det seinhausten 2016 starta eit innovasjonskurs/innovasjonsskule. Tilboden gjekk til alle tolv kommunane i samarbeidet samt fylkeskommunen, og er ein viktig del av aktiviteten i programmet. Frå Lom er det to deltakrar, deriblant ei frå MTN.

Sakshandsaming Servicetorget

 2 636

Jordlovssaker og konsesjonssaker

 7 stk.

Vedtekne reguleringsplanar

 1 stk.

Brukabar som søkte konsesjonstilskot - to omganger

 140

Talet på matrikkelbrev

 17 stk.

Brutto produksjonstilskot

 36,2M

Av dette: 6,2M i avløysartilskot

Utfordringar framover

Oppgåvetilfanget er på mange område større enn det dei tilsette har moglegheit til å ta unna, og både tid og ressursar gjer det utfordrande å få prioritert kompetanseheving

Sårbart med eit lite fagmiljø med eit breitt spekter av oppgåver, med avgrensa ressursar til leiing

Å legge til rette for nye innbyggjarar og både eksisterande og nye arbeidsplassar er eit kontinuerleg arbeid som krev langtids innsats på ulike fagområde. Tilgang på eit mangfold av arbeidsplassar og eit variert bustadmarknad til både

kjøp og leige er ein flaskehals for å tiltrekke seg nye innbyggjarar.

